



Rogaland
fylkeskommune

2023–2035

Regionalplan for kulturmiljø

Vedteken i fylkestinget 14. juni 2023



Foto: Elisabeth Tønnessen

Innhold

1. Forord	5
2. Samandrag	6
2.1 Planinnhald	8
3. Planskildring	10
3.1 Bakgrunn	11
3.2 Roller og ansvar i kulturmiljøforvaltninga	11
3.3 Planprosessen	12
3.4 Planform og verkeområde	12
3.5 Målgruppe	13
3.6 Kunnskapsgrunnlag	15
4. Utfordringar og moglegheiter	16
5. Visjon	18
6. Mål og strategiar	20
Mål 1: Mangfald	22
Mål 2: Kunnskap	34
Mål 3: Bruk og engasjement	44

7. Regionale interesser på kulturmiljøfeltet	50
7.1 Kulturmiljø av regional interesse	52
7.2 Ei kulturhistorie for Rogaland – kunnskapsgrunnlag for verdivurdering	55
8. Planretningslinjer	56
8.1 Planretningslinjer	58
8.2 Kulturminnelova	61
9. Planprosess og medverking	62
10. Overordna rammer og føringar	66
11. Regionale planar	70
12. Moglege verknader av planen for miljø og samfunn	72
13. Vedlegg og kart	78
14. Etterspel	79



1. Forord

På same måte som alle menneske har sin særeigne utsjånad, personlegdom og bakgrunn, har stader og byar sitt terreng, sine bygningar og si historie som gjev dei sitt særpreg. Me merkar det kanskje best når me er ute og reiser og opplever natur, arkitektur og kulturlandskap som skil seg frå det me er vande med. Aller mest begeistra blir me vel i møte med stader som verkar særmerkte og ja – gjerne unike?

Å sjå andre stader gjev perspektiv på – og kontrast til – vår eigen heimstad. Kva er det særeigne med Rogaland? Kva skil oss frå andre stader i verda og andre stader i Norge? Under innflyginga til Sola eller Karmøy kan me sjå kysten av Sørvestlandet slik mange tilreisande ser det for fyrste gong: kvite strender, marker, steingardar, fjordar, øyer og fjell, og nokre bygningar, skip og vegar. For turisten frå Las Vegas er det spektakulært og ho gler seg til å utforska det nærmare. For oss er det «heime».

Å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø i Rogaland, er å sørge for at fylket vårt også i framtida kan vere både spektakulært og heime. Det inneber å finne den gode balansen mellom bevaring og utvikling, og ikkje minst å kombinere det å ta vare på, med det å utvikle. Både menneske og stader har det best når dei får utvikle seg med utgangspunkt i sin eigen identitet.

Regionalplan for kulturmiljø er eit bidrag til å bevare og utvikle den felles kulturarven vår. Me skal verdsette kulturmiljøa våre og dei skal støtte opp om Rogaland fylkeskommune sin visjon: Berekraftig utvikling og sterke fellesskap i heile Rogaland.

Regionalplanen er ei tilråding om kva retning kulturmiljøvernet i Rogaland skal ta dei neste åra. Kommunane, musea, organisasjonar og andre har bidrege til utarbeiding av regionalplanen, og har kome med viktige innspel undervegs i arbeidet. Samla håpar me at heile Rogaland kan føle eigarskap til regionalplanen, og at fylkeskommune, stat, kommunar, organisasjonar, museum, næringsliv, eigarar og andre saman kan bidra til at kulturmiljø blir tatt vare på og verdsett i framtida.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Marianne Chesak
Fylkesordfører i Rogaland

A handwritten signature in black ink that reads "Marianne Chesak". The signature is stylized, with a large, looped 'M' and a cursive 'Chesak'.

2. Samandrag



Foto: Rogaland fylkeskommune

Stoplesteinane i Eigersund skal i følge lokal tradisjon ha vore tingstad i vikingtida. Slike steinsettingar er sjeldne, og dei blir ofte datert til bronse- eller jernalder.

Regionalplan for kulturmiljø er ein regional plan etter plan og bygningslova §§8-1-8-4 og skal vere eit styringsdokument for både Rogaland fylkeskommune og kommunane i arbeidet med utvikling og forvaltning av viktige kulturmiljø i fylket.

Visjon og mål

Visjonen for dette arbeidet er:

Rogaland tek vare på –
og verdset – kulturmiljøa
sine som viktige
ressursar i ei berekraftig
samfunnsutvikling.

For å realisere denne visjonen skal me arbeide mot følgjande tre mål:

1. I Rogaland tek me vare på eit mangfald av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.
2. I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.
3. I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhørslse og unike opplevingar.

Til kvart av måla er det utarbeidd strategiar og tiltak som det blir gjort greie for i hovuddelen av dette plandokumentet, samt i vedlegg.

Regional interesse?

Det finst mange kulturminne og kulturmiljø i Rogaland. I arbeidet med denne planen har me definert ein del av dei til å vere av vesentleg regional interesse og har laga ei samla oversikt over desse. Det er kulturmiljøa i denne kategorien som har hovudfokus i planen. Dei utgjer eit vesentleg kunnskapsgrunnlag for forskning og formidling, og det er eit særskilt kommunalt og regionalt ansvar å ivareta dei.

Eit kulturminne, kulturmiljø eller kulturhistorisk landskap har vesentleg regional interesse om det kan knytast til ei viktig regional eller nasjonal historie eller regionale eller nasjonale særtrekk.

Regionale planretningslinjer

Planen inneheld retningslinjer som legg føringar og gir råd for vidare bevaring og utvikling av dei viktige regionale kulturmiljøa. Retningslinjene skal bidra til å sette felles kurs for utviklinga i regionen og gje ei meir føreseieleg forvaltning.

Hovudprinsippet er at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av vesentleg nasjonal – og regional interesse eller verdi skal bevarast. Dei har sin eigenverdi, men er samstundes ressursar for kunnskap, oppleving og bruk innan samfunnsområde som til dømes folkehelse, friluftsliv, opplæring, næringsutvikling, reiseliv, matproduksjon, klima og miljø.

Planretningslinjene er forankra i plan- og bygningslova (§8-2) og skal bli lagt til grunn ved planarbeid og prosessar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå, men dei er ikkje førande for arealbruk slik som retningslinjer i kommune- og reguleringsplanar.

2.1 Planinnhald

Planen har fire hovuddelar:

Plandokument:

Regionalplandokumentet gir strategisk retning og prioriteringar for det offentlege sin innsats på kulturmiljøfeltet. Planforslaget gir vidare føringar for forvaltning av kulturmiljø gjennom regionale planretningslinjer og gjennom å skildre regionale interesser på kulturmiljøfeltet.

Handlingsprogram med tiltak:

Handlingsprogrammet skal bli rullert årleg, og er difor i hovudsak berre detaljert fram til 2025.

Les [Handlingsprogram](#) (pdf)

Ei oversikt over kulturmiljø av regional interesse:

Oversikta ligg i karttenesta Temakart Rogaland, og alle markerte kulturmiljø er lista opp i vedlegg.

Sjå [oversikt over kulturmiljø i Rogaland i vedlegg](#) (vedlegg, PDF).

Sjå [oversikt over kulturmiljø i Rogaland på Temakart Rogaland](#).

Ei oversikt over fylket si historie:

Artikkelen Ei kulturhistorie for Rogaland skal supplere kulturmiljøoversikta og gje eit lett leseleg innblikk i viktige historiske hovudtrekk.

Les artikkelen [Ei kulturhistorie for Rogaland](#).

Alle delar av planen er tilgjengeleg på nettsidene til Rogaland fylkeskommune.



Foto: Wierøe Flyveskip AS

Nålaugpollen er ei god hamn og eit karakteristisk sjøhusmiljø i Eigersund kommune, eit kulturmiljø av regional interesse. Flyfoto frå 1960-talet.



3. Planskildring



Foto: Elisabeth Tønnessen

Arkeologar arbeider i sjakt på utgravingsfelt ved fylkesveg 44 i Eigersund kommune.

3.1 Bakgrunn

Menneske har alltid sett spor etter seg, og desse spora utgjør fellesskapet sin hukommelse om tidlegare generasjonars samfunn og levemåtar. Dei er miljømessige, sosiale og økonomiske ressursar som gjev grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet vårt, kallar me kulturminne. Det kan vera bygningar, vegar, steingardar, tufter, gravhaugar, hamner og lokalitetar som er knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon. I tillegg til faste kulturminne har vi lause, flytande og rullande kulturminne.

Dei fysiske kulturminna er ein del av kulturarven vår, men omgrepet kulturarv omfattar også mattradisjonar, musikk, dans, kunst, litteratur, arkitektur, språk, handverk og andre immaterielle tradisjonar.

Når kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng, bruker me omgrepet kulturmiljø. I samband med kulturmiljømeldinga

(Meld. St. 16 (2019–2020)) vart kulturmiljø også innført som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap – til bruk når heile dette feltet blir omtalt samla. Kulturmiljøvern er å ta vare på desse spora av fortida, slik at me kan ha glede av dei no og i framtida.

3.2 Roller og ansvar i kulturmiljøforvaltninga

Det er eit breitt spekter av aktørar som tek vare på og utviklar kulturmiljøa. Eigarar, grunn-eigarar og frivillige har ansvar for vedlikehald og skjøtsel.

Musea har god kompetanse på mange kulturhistoriske fagområde og driv bevaring, forskning og formidling på ulike vis. Fleire av musea har også god kompetanse på fartøy- og bygningsvern, og er også læringsarena for tradisjonelt bygningshandverk.

Dei frivillige kulturvernlag i fylket bidreg til ei breiare forståing av lokalsamfunnet si historie og identitet gjennom bevaring og aktivitetar som skaper sosial berekraft.



Haugesund folkebibliotek frå 1967.

Arkeologisk museum UiS, Stavanger maritime museum(SMM) og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) gjev faglege råd til fylkeskommunen, gjennomfører utgravingar og driv forskning, samt formidling.

I den offentlege forvaltninga har kvar sektor og kvart forvaltningsnivå ansvar for sine kulturmiljø.

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for kulturmiljøforvaltninga og det øvrige miljøfeltet. Riksantikvaren er direktoratet, mens fylkeskommunane er regional kulturmiljømyndigheit, regional planmyndigheit og utviklingsaktør.

Kommunane er plan- og byggesaksmyndigheit og ansvarlege for å legge til rette for bevaring og bruk av kulturminne.

For Rogaland fylkeskommune er kulturmiljø eit viktig arbeidsområde. **Fylkeskommunen** er mellom anna:

- **Samfunnsutviklar**, til dømes gjennom regionalplanar, utviklingsprosjekt, tilskotsordningar eller formidling.
- **Tenesteleverandør**, til dømes gjennom rådgeving om kulturminne, vidaregåande opplæring eller den kulturelle skulesekken.
- **Kulturmiljømyndigheit**, og forvaltar kulturmiljø gjennom kulturminnelova, plan- og bygningslova og naturmangfaldlova.

I sum har fylkeskommunen ansvar for å forvalte regionale og nasjonale kulturmiljøinteresser i fleire ulike typar saker, og har høve til å fremje motsegn til planar – eller klage på vedtak – som er i strid med desse interessene.

I samband med regionreforma har fylkeskommunen fått betydeleg fleire oppgåver frå Riksantikvaren, mellom anna forvaltningsansvar for automatisk freda kulturminne, kulturminne som er i statleg eige, tekniske/industrielle kulturminne og fartøyvern.

3.3 Planprosessen

Oppstart av planarbeidet vart vedteke i fylkestinget 16. juni 2020, sak 60/20. Det vart då oppretta ei styringsgruppe med representantar frå fylkestinget og kommunane og ei administrativ prosjektgruppe med representantar frå kommunane, museum, frivillige organisasjonar og Statsforvaltaren i Rogaland. Gruppene har hatt jamlege møte og gjeve innspel til kunnskapsgrunnlag, mål, strategiar og tiltak.

Planprogrammet var på høyring til kommunar, organisasjonar, museum og andre interessentar våren 2021 og vart fastsett i fylkesutvalet den 08.06.2021.

Etter vedtak av planprogrammet har fylkesdirektøren gjennomført utgreiingsarbeid og kunnskapsinnhenting. Som del av dette arbeidet er det mellom anna gjennomført møte med alle kommunane i fylket.

3.4 Planform og verkeområde

Regionalplan for kulturmiljø er ein regional plan etter plan og bygningslova §§8-1 –8-4. Ein regional plan skal leggst til grunn for fylkeskommunen si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i Rogaland.

Den regionale kulturmiljøplanen skal vera eit styringsdokument for både Rogaland fylkeskommune og kommunane i arbeidet med utvikling og forvaltning av kulturmiljø og kulturmiljøvern.

Planperioden er sett til og med 2035.



Foto: Rogaland fylkeskommune

MS Rogaland er eit freda fartøy. For å bruke og ta vare på båten treng me frivillig engasjement og handverkarar med god kompetanse, dei frivillige treng tilgang til økonomisk støtte, rådgjeving og informasjon frå fylkeskommunen og kommunane.

3.5 Målgruppe

Planen skal definere den regionale kulturmiljøpolitikken, og vere særskilt relevant for fylkeskommune og kommunar. Samstundes skal planen legge til rette for brei deltaking i kulturmiljøvernet, og vise korleis fylkeskommunen skal samarbeide med ulike aktørar om bevaring, utvikling og formidling av kulturarv og kulturmiljø i åra som kjem.

På denne måten er heile Rogaland målgruppe for planen sine mål, strategiar og tiltak.

Planen skal bidra til at:

- Fylkeskommunen får eit styringsdokument for rolla som regional samfunnsutviklar på kulturmiljøfeltet.
- Kommunane får eit styringsdokument dei kan følge opp i eigne planar, og som samstundes kan styrke og utfylle kommunalt kulturmiljøarbeid.
- Musea kan følge planen opp i eiga verksemd, og planen kan styrke musea sin innsats for bevaring og utvikling av kulturmiljø.
- Kommunar og andre aktørar får retningslinjer for korleis ein i framtida skal ta omsyn til regionale kulturmiljøinteresser i planarbeid.
- Staten, fylkeskommunen, kommunane og andre aktørar får eit godt kunnskapsgrunnlag og oversikt over kulturmiljø av regional interesse.
- Eigargar, frivillige lag og foreiningar, handverkarar, verft (som driv med fartøyvern) og andre får betre og enklare tilgang til rådgjeving og informasjon om kulturmiljø og økonomiske støtteordningar.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Arkeologisk registrering av eit røysfelt frå jernalderen ved Vikeså i Bjerkreim kommune.

3.6 Kunnskapsgrunnlag


Kunnskapsgrunnlag er bakgrunnsinformasjonen som planen bygger på. Noko av det var kjent før planarbeidet starta, og noko er blitt danna undervegs i planarbeidet. Gjennom planarbeidet er det også avdekkta område kor det manglar eller trengs betre kunnskap, og fleire tiltak for å styrke kunnskapsgrunnlaget inngår difor i handlingsprogrammet og oppfølginga av planen.

Kunnskapsgrunnlaget består mellom anna av:

- nasjonale strategiar og utgreiingar
- kommunale kulturminneplanar
- statistikk, register og andre kunnskapskjelder

I planprosessen har fylkeskommunen utarbeidd egne kunnskapsgrunnlag innan følgende tema:

- formidling av kulturmiljø
- kunnskap og kompetanse i kulturmiljøvernet
- kulturmiljø i berekraftig samfunnsutvikling
- regionale kulturmiljøinteresser i Rogaland, kulturmiljø av regional interesse og historie



Kommunane sine kulturminneplanar er ein vesentleg del av kunnskapsgrunnlaget for Regionalplan for kulturmiljø



4. Utfordringar og moglegheiter



Det er tre hovudfaktorar som utgjer ein direkte trussel for kulturmiljø i Rogaland, og desse heng saman med større samfunnsutfordringar og endringar:

Arealendringar:

Store og små inngrep fører til endringar i miljø og landskap og gjer at kulturminne forsvinn. I byar og tettstader utfordrar fortetting, riving og renovering kulturmiljøa. Store arealinngrep som bygging av nye vegar, kraft- eller industrianlegg fører til endringar for arkeologi og landskap.

Manglande bruk og skjøtsel:

Endring i nærings- og busettingsmønsteret gjer at mange bygg og miljø ikkje blir brukte, til dømes eldre driftsbygningar, sjøhus eller nedlagte industrilokale. Dette fører til forfall og tap.

Tilsvarande treng kulturlandskap og mange arkeologiske kulturminne regelmessig skjøtsel for å haldast i stand. Manglande skjøtsel gjer også at viktige naturtypar som slåttemark eller kystlynghei er i fare.

Klimaendringane:

Framover vil fleire brå hendingar som ekstremvêr, flaum, ras og stormflo påverka kulturmiljøa. Dei langsiktige effektane av aukande nedbør, stigande havnivå og kortare tørkeperiodar kan også føre til skader i framtida.

Andre utfordringar og moglegheiter

I tillegg til desse er det fleire utfordringar som forvaltning, eigarar og andre aktørar møter i samband med bevaringsarbeid. Til dømes:

- Kostnadene til å ta vare på kulturmiljø er høge, og dei økonomiske tilskota som er sette av til kulturmiljøvern dekkjer ikkje behovet. Dette er med på å gjere vedlikehaldsetterslepet stort.
- Det er få tradisjonsberarar i bygnings-

og fartøyvernet. Det er behov for fleire handverkarar med kompetanse og kunnskap.

- Eigarar og forvaltarar manglar ofte kunnskap og har ikkje nok tilgang til kurs og rådgjeving.
- Kommunane melder om utilstrekkeleg kompetanse og kapasitet og har ikkje ressursar til å følgje opp eigne kulturmiljø og kulturminneplanar.
- Digital kulturmiljøinformasjon er spreidd på ulike stader, og mykje er ikkje digitalisert.

Kulturmiljøa gjev gode moglegheiter for utvikling av Rogaland. Regionalplanen er eit verktøy både for å møte utfordringane og for å løyse ut potensialet.

- Kulturmiljø er ein ressurs i klimainnsatsen og for å bevare naturmangfaldet. Undersøkingar viser at bevaring og vidare bruk av eldre bygg sparer meir klimagassutslepp enn å rive og bygge nytt. Bevarer ein dei grønne kulturmiljøa, tar ein også vare på planter og dyr sine leveområde og livsvilkår.
- Kulturmiljø gjev levande og attraktive stader og lokalsamfunn. Kvar stad har særegne historier, miljø og potensiale for utvikling, oppleving og bruk av sine kulturmiljø. Kulturmiljø er ei bru mellom fortid, nåtid og framtid og bidreg til tilhøyrsliv.
- Kulturmiljøa bidreg til eit helsefremjande og inkluderande samfunn. Dei skaper aktivitet og samhold i frivillige lag og foreiningar, lokal og regional identitet og bidreg til livskvalitet.

Det er både interesse og potensiale for å ta i bruk kulturmiljø som ressurs for gode opplevingar gjennom friluftsliv, reiseliv, turisme eller for lokalbefolkninga.



5. Visjon

Ved Ryfylke trebåtbyggjeri på Finnøy i Stavanger tek dei vare på tradisjonell båtbyggarkunnskap. Her blir det verna fiskefartøyet Svanå med heimehamn på Nedstrand i Tysvær restaurert.

VISJON: Rogaland tek vare på – og verdset
– kulturmiljøa sine som viktige ressursar
i ei berekraftig samfunnsutvikling.

Kulturmiljø er eit felles gode og eit felles ansvar. Alle i Rogaland skal ha tilgang til gode kulturmiljø, og alle skal kunne delta i vern av kulturminne eller formidling og oppleving av kulturarv, uansett kjønn, alder, etnisitet eller funksjonsnedsettingar.

Planen sin visjon viser kva me ynskjer for framtida: Kulturmiljø blir tekne vare på og verdsett av både myndigheiter, eigarar, frivillige, næringsliv og samfunnet som heilskap. Å verdsetje inneber å anerkjenne kulturmiljøa som verdifulle ressursar for samfunnsutviklinga, både økonomisk, sosialt og miljømessig. For at folk skal engasjere seg og sette pris

på kulturmiljøa, treng dei kunnskap. Då er formidling og frivilligheit viktige stikkord. Vidare må kulturmiljø bli ein integrert og sjølvstendig del av lokale og regionale utviklingsprosessar og verdiskapingsplanar.

Kulturmiljø skal bidra til ei samfunnsutvikling som sikrar både dagens innbyggjarar og kommande generasjonar gode levevilkår – ei berekraftig utvikling.

Kulturmiljø er eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap, og gjeld alle spor frå fortida bevart i vårt fysiske miljø.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Sandsgård på Nedstand i Tysvær var frå 1673 bustad for futane i Ryfylke i nær 200 år. Det staselege hovudhuset vart bygd i 1774. Garden er markert som eit kulturmiljø av regional interesse.



6. Mål og strategiar

Fiskefartøyet «Kristina» frå 1917.

Det er formulert tre overordna mål for arbeidet med kulturmiljø i Rogaland framover:

1. I Rogaland tek me vare på eit mangfald av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.
2. I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.
3. I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhøyrslø og unike opplevingar.

Mål og strategiar skal me nå saman. Når me brukar «me» gjeld dette både fylkeskommunen og kommunane, statlege aktørar, frivillige kulturvernarar, musea, næringsliv, eigarar og alle andre som ynskjer å ta vare på – og bruke – den felles kulturarven vår. Det er likevel eit særleg ansvar for det offentlege å følge opp planen.

Til kvart av måla er det utforma strategiar som viser korleis me skal nå måla. I tillegg inneheld handlingsprogrammet (vedlegg) konkrete tiltak. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år, og tiltak kan bli endra eller lagt til.

Ein grunnleggande føresetnad for å nå måla i planen, er at me lukkast med å etablere godt samarbeid med og mellom aktørane som er engasjerte i ulike former for kulturmiljøarbeid. Det handlar om å legge til rette for samhandling på tvers av forvaltningsnivå, fylkesgrenser og fagmiljø, men like viktig er det å skape gode møteplassar og samarbeidsformer mellom forvaltinga, fagmiljøa, private aktørar og frivillige lag og organisasjonar, samt høve til å delta når det kjem samarbeidsinitiativ frå andre.

Rogaland fylkeskommune vil prioritere nye tiltak og utviklingsprosjekt der fleire aktørar går saman om planlegging, finansiering og gjennomføring, og der prosjekta bidreg til å nå måla i denne planen.

Fylkeskommunen kan bidra med finansiering, men også ta rolla som koordinator, igangsetjar, deltakar og rettleiar.

MÅL 1:**Mangfald**

I Rogaland tek me vare på eit mangfald av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.

6.1.1 Strategi 1A – bevaring og utvikling

Bevare og utvikle eit utval kultur- miljø av ulike typar og frå alle historiske epokar.

Kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar for kunnskap, opplevingar og bruk. Me skal sikre både autentisk bevaring og ansvarleg vidareutvikling av kulturmiljø. Gjennom å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø frå heile Rogalandshistoria, sikrar me tilgang til kjelder om fortida – for oss sjølve og for dei som kjem etter oss.

Det er særleg to verkemiddel som kan brukast til å sikre kulturminne: Freding gjennom kulturminnelova og vern etter plan- og bygningslova. Alle kulturminne frå før 1537 er automatisk freda medan bygg og anlegg nyare enn dette, kan bli freda. Riksantikvaren eller statsråd vedtek freding av bygningar, mens kommunane utarbeider regulerings- og kommuneplanar etter plan- og bygningslova. Regionalplanen og fylkeskommunen er i ein mellomposisjon, gjennom å kunne bidra med kunnskap og råd til kommunal planlegging, og gje innspel til freding etter kulturminnelova.



Foto: Trine Nessler Wichmann

Frå Utstein kloster, tatt under Rikssamlingsjubileet i 2022.

Riksantikvaren er fredingsmyndigheit for bygg og anlegg nyare enn 1537, men dei fleste fredingssaker skjer no etter regionalt initiativ. Det er fylkeskommunen si oppgåve å førebu slike fredingssaker.

Oversikta over kulturmiljø av regional interesse viser område som skal sikrast og blir ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget når fylkeskommunen og kommunane skal vurdere framtidig forvaltning av kulturmiljø. Oppfølging av regionale planretningslinjer er ein sentral del av denne strategien.

I tillegg utarbeider Riksantikvaren for tida nasjonale bevaringsstrategiar. Bevaringsstrategiane skal vera verktøy for å strukturere, samordne og organisere innsatsen for å nå dei nye nasjonale måla om engasjement, berekraft og mangfald, med særleg vekt på mangfaldsmålet. Eit overordna rammeverk skildrar bakgrunn, formål, struktur og oppbygging av bevaringsstrategiane, og skal vere førande for prioriteringane i bevaringsarbeidet. Dei tematiske bevaringsstrategiane er breie og skal dekkje eit stort spenn av kulturmiljø og ei stor tidsdjupne. Gjennom desse strategiane skal kulturminne, kulturmiljø og landskap takast vare på og nytta som ein ressurs for samfunnet, der kulturmiljøa sin verdi for miljømessig, sosial og økonomisk berekraft er synleggjorte. Oppfølging av desse strategiane blir også ein viktig del av det regionale kulturmiljøvernet i åra som kjem.

Bevaring må balanserast opp mot mogleghetene for utvikling og bruk. God bruk og utvikling tek omsyn til miljøa sin eigenart og toleevne. Landskap og miljø som blir brukte, blir i større grad verdsette, og bruk aukar forståinga for at miljøet eller landskapet må bevarast. Samstundes kan auka bruk føre til auka slitasje.

Oppsummering

Me skal

- sikre og bevare kulturmiljø og -landskap av særleg regional og nasjonal interesse gjennom god planlegging, vern og forvaltning
- styrke fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør på kulturmiljøfeltet
- følgje opp regionale planretningslinjer i vidare statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Restaurering av Rima 1 frå 1961.

6.1.2 Strategi 1B – eigarar og forvaltarar

Bidra til at eigarar og forvaltarar av kulturminne kan ivareta desse på ein god måte.

Eigarar, frivillige og andre som restaurerer gamle kulturminne, arbeider for skilting og formidling eller bringer fram ny kunnskap om kulturmiljø, gjer ein viktig innsats som fellesskapet nyt godt av.

Økonomiske tilskot

Bevaring av kulturminne er kostnadskrevjande, og bevaring etter tradisjonelle og antikvariske metodar og prinsipp har ein meirkostnad samanlikna med moderne teknikkar og metode. Difor finst det lokale, regionale og nasjonale støtteordningar til slik istandsetting.

Rogaland fylkeskommune administrerer følgande støtteordningar til istandsetting og sikring av kulturminne:

- tilskot til verneverdige bygg og anlegg (fylkeskommunale midlar)
- tilskot til fartøyvern (SAVOS) (50 prosent fylkeskommunale og 50 prosent statlege midlar)
- tilskot til fartøyvern (statlege midlar)
- tilskot til freda kulturminne (bygg og anlegg) i privat eige (statlege midlar)
- tilskot til tekniske og industrielle kulturminne (statlege midlar)
- tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen (statlege midlar)
- tilskot til brannsikring i tette historiske trehusområde (statlege midlar)

Fylkeskommunen har gjeve støtte til restaurering av fartøy og bygg over eige budsjett i over 20 år. Gjennom desse

ordningane har mange fått høve til å ta vare på eigne kulturminne, og ordningane har hatt god effekt i form av bevarte kulturminne, kompetanse i tradisjonshandverk og indirekte effektar for samfunnet kulturminna er i.

I tillegg til støtteordningane fylkeskommunen forvaltar, er det fleire offentlege ordningar på statleg, regionalt og kommunalt nivå. Særleg kan følgjande trekkast fram:

Kulturminnefondet gjev støtte til istandsetting av bygg, anlegg, fartøy og rullande kulturminne. I 2021 vart det fordelt 11,5 mill. til 63 ulike prosjekt i Rogaland.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei statleg ordning som blir forvalta av kommunane og Statsforvaltaren og gjev tilskot til bevaring av kulturlandskap. Det er førebels tre utvalde kulturlandskap i Rogaland, Hodne-Helland-Bø i Stavanger (Rennesøy) og Hamrabø, Klungveit og Mogleiv i Suldal og Utsira.

Regionalt miljøtilskot (RMP) er statlege midlar som er øyremerkte til bestemte typar kulturlandskap og kulturminne, mellom anna til skjøtsel av gravfelt. Ordninga blir forvalta av Statsforvaltaren.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er ei statleg ordning der ein mellom anna kan få støtte til istandsetting av kulturminne på landbruksområde. SMIL blir forvalta av kommunane.

Tilskot til tiltak for trua naturtypar blir forvalta av Statsforvaltaren. Ein kan få støtte til bevaring av utvalde naturtypar som til dømes kystlynghei og slåttemark.

Kommunal støtte til restaurering av bygg er oppretta i 5 av 22 kommunar i Rogaland. Dette er øyremerkte tilskotsordningar til eigarar av kulturminne.

Regionalplan for kulturmiljø vil ligga til grunn for prioritering av tilskot i dei regionale ordningane.

For å styrka eigarar sine moglegheiter for utbetring/vedlikehald, er det viktig at forvaltninga samordnar og samarbeider om tilskotsordningar, rådgjeving, informasjon og prioriteringar.

I oppfølginga av denne planen skal informasjon om alle desse tilskotsordningane samlast og gjerast betre kjente og tilgjengelege for moglege mottakarar i heile fylket. Fleire gode søknadar frå eigarar av kulturminne i Rogaland vil kunne føre til at fleire får tilskot og at fleire av kulturminna våre blir sette i stand.

Grunneigarar av arkeologiske kulturminne

Dei som har arkeologiske kulturminne på sin eigedom, spelar ei avgjerande rolle i skjøtsel og forvaltning av den eldste kulturarven vår. Grunneigarane er ei samansett gruppe av alt frå hytteeigarar til bønder, kommunar, museum og eigarar av store industriområde. Dei har ulike interesser, og det kan oppstå både motsetningar og positive effektar i spennet mellom dagleg drift og næringsutvikling på den eine sida, og bevaring av arkeologiske kulturminne på den andre.

Mange arkeologiske kulturminne er vanskelege å sjå utan å vite kva ein skal sjå etter, og somme av dei kan vere skjulte under bakken. Når automatisk freda kulturminne blir skada eller skjemma, er det ofte på grunn av manglande kunnskap om kulturminne, lover og regelverk. Grunneigarar, tiltakshavarar og publikum treng god og eintydig informasjon gjennom sakshandsaming, rådgjeving, data-basar og nettsider.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Slåttemark er ein truga naturtype som treng tradisjonell skjøtsel. Frå Hustveit i Sauda kommune.

Rådgjeving og informasjon

Eigarar, forvaltarar, tiltakshavarar og andre kan ha behov for råd om korleis dei best kan ta vare på kulturminne og planlegge og gjennomføre tiltak på ein god måte. Dei treng informasjon om lovverk, arkitektur, restaurering, vedlikehald, byggeskikk, historie, arkeologi eller forvaltning.

For nokre tema som lovverk, arkeologi, planlegging eller andre kulturminnefaglege spørsmål, har offentleg forvaltning god kompetanse, og det er naturleg at kommunar og fylkeskommunar gjev råd. Kommunane er særleg viktige då det er til dei ein først går til når ein skal planlegge eit nytt tiltak. Men kommunane kan også sjølve trengje rådgeving frå fylkeskommunen.

For andre tema, særleg bygningsvern, ligg kompetansen hos andre aktørar, til dømes musea eller handverkarar.

Asplan Viak har på oppdrag frå Rogaland fylkeskommune gjennomført ei utgreiing av rådgevingstenester for bygningsvern. Utgreiinga tilrår etablering av eit eller fleire lågterskeltilbod med bygningsvernrådgjevarar som gjev eigarar og brukarar konkret bygningsfagleg kunnskap, og som kan arrangere kurs og samlingar i sine distrikt.

Slike tilbod er etablert i mange andre fylke. Til dømes har Agder og dei tidlegare fylka Oppland, Hordaland, Akershus og Buskerud bygningsvernrådgjevarar – eller sentra – i sine fylke. Det er gjort mange gode erfaringar, og ein kan mellom anna sjå ein auke i samla mengd av tilskot til bygningsvern i dei fylka kor det er rådgevingstenester.

Utgreiinga har eit klart råd om at ei rådgevingsteneste for bygningsvern bør vere knytt til regionmusea.

Oppsummering

Me skal

- ha treffsikre nasjonale, regionale og kommunale støtteordningar til bevaring av kulturmiljø og gjere dei meir kjende for målgruppene
- gje eigarar og forvaltarar tilgang til gode rådgjevingstenester, informasjon og kursing innanfor arkeologi, bygningsvern, fartøyvern og kulturmiljøvern
- bidra til å sikre gode rådgjevingstenester innan bygningsvern for eigarar i heile fylket.



Foto: Arkeologisk museum, UIS

Arkeologisk undersøkelse i Storhaug på Avaldsnes på Karmøy.

6.1.3 Strategi 1C – tradisjonar og tradisjonshandverk

Stimulere til at tradisjonar og tradisjons-handverk blir haldne levande.

Immateriell kulturarv er levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk.

Kunnskapen vert praktisert i dag og ført vidare gjennom kreative uttrykksmåtar, som handverk, musikk, dans, mattradisjonar, ritual, språklege uttrykk og munnlege forteljingar.

Det er mykje immateriell kulturarv bevart i Rogaland. Frivillige, museum og næringsliv vidarefører historie og tradisjonar.

Båtbyggjarar, tømrrarar, bønder og andre tradisjonsberarar har avgjerande kunnskap for å bevare kulturmiljø. Tradisjonshandverket blir ivaretatt og ført vidare av tradisjonsberarar. Kunnskapen blir ofte overført munnleg og praktisk frå handverkar til handverkar.

Historisk dokumentasjon av tradisjonane er også ein viktig føresetnad for vidareføring av tradisjonane. Samspelet mellom



Foto: Anne Lise Norheim MUST

Bunad og folkedrakt er ein viktig del av vår immaterielle og materielle kulturarv. Her frå utstillinga «frå Hulda til hijab» på Stavanger museum.

historisk dokumentasjon og vidareføring av tradisjonane må styrkast.

Noreg har slutta seg til UNESCO sin konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven frå 2003. Konvensjonen har som føremål å auke respekten for, og kunnskap, om immateriell kulturarv, og støttar arbeidet landa gjer for å vidareføre kunnskap og levende tradisjonar til komande generasjonar. I Noreg er Kulturdepartementet fagorgan for feltet og Kulturrådet har ansvar for å implementere konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven.

Bevaring av immateriell kulturarv er eit ansvar alle aktørar skal bere. Sjølv om denne planen i første rekke er retta mot den materielle kulturarven og forvaltninga av denne, er det viktig å understreke at den immaterielle kulturen også er ein viktig del av kulturarven som må takast vare på. Samanhengen mellom dei materielle kulturmiljøa/kulturminna og den immaterielle kulturarven vil vere særleg relevant her.

Tradisjonshandverk

Gamle bygg og fartøy er laga på andre måtar, med andre verktøy, metodar, materiale eller skikkar enn det som er vanleg i dag. For verna bygg og fartøy skal ein helst bruka dei tradisjonelle handverksteknikkane og materiala ved vedlikehald og restaurering. Eit kulturminne mister verdi som kulturminne om ein ikkje er tru mot opphavleg material- og metodeval når ein pussar opp eller rehabiliterer. Det er nemleg ikkje berre sjølv objektet som er kulturminnet, men også måten objektet vart til på og kva slags materialar det originalt vart laga av. Difor er det viktig å bevare tradisjonshandverket i Rogaland.

Tradisjonshandverket blir ofte knytt til bygnings- og fartøyvern, men for å ivareta kulturmiljø

trengs det også kunnskap om tradisjonell skogs- og jordbruksdrift, skjøtsel av gamle veganlegg og annan tradisjonskunnskap.

I Rogaland finst det mange dyktige handverkarar med kompetanse på antikvariske teknikkar, både innanfor ordinære handverksyrke som tømrarar, men også innanfor smalare handverksyrke. Den største utfordringa er at det samla sett er altfor få handverkarar med slik kompetanse. I einskilde område er det lang ventetid på å få arbeid utført, og dette merkast særleg godt for eigarar og tilskotsmottakarar.

For fartøyvernet ligg mykje kunnskap hos dei tre nasjonale fartøyvernsentera, hos dei frivillige og hos verft og båtbyggjeri. Det er fleire ulike verft og båtbyggjeri i Rogaland som har kompetansen til å restaurere eldre fartøy i tre og stål, men det er likevel slik at det er ventetid for å få komme på slipp.

Dei viktigaste offentlege aktørane som dokumenterer og tar vare på tradisjons-handverket, er musea og fartøyvernsentra.

Utdanning

Det finst ingen utdanningar i tradisjons-handverka i Rogaland i dag. Handverkar-utdanning på vidaregåande skule gjev vanlegvis liten innsikt i tradisjonshandverk og eldre tidars byggeskikk og stilhistorie. Dette heng saman med læreplanen for dei ulike utdanningane, der dette ikkje er vektlagt. Gjennom val av lærling-plass og andre tilpassingar av utdanninga kan ein likevel opparbeide slik kompetanse.

Det finst høve for vidareutdanning i andre delar av landet. Både på fagskulen i Vestland og Innlandet er det eige fagskulestudium i tradisjonshandverk, og NTNU tilbyr bachelor-program i tradisjonelt bygghandverk.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Eit av dei «raudlista» fagområda er trebåtbyggjarfaget. Den fellesnordiske klinkbyggingstradisjonen vart nett ført opp på UNESCOs liste over immateriell verdsarv. Rogaland har ei særmerkt stilling i historia om skipsutvikling og eit spesielt ansvar for å halde dette handverket levande. Rogaland er opphavsfylket til dei aller fyrste seglskipa, mellom dei, det verdsberømte Osebergskipet.

Kursing og nettverk

Kursing er også svært viktig for å spreie kunnskapen vidare, men gjev ikkje same formalkompetansen som utdanning. Det finst fleire aktørar i Rogaland som arrangerer kurs i restaurering og tradisjonshandverk. Både musea, Engøyholmen kystkultursenter, handverkarorganisasjonar, Fortidsminneforeininga og ulike kommunar har dei siste åra arrangert kurs i både restaurering av vindauge, fargeundersøkingar, tekking av tak, fartøyvern og anna. Fylkeskommunen skal halde fram med å vere initiativtakar, samarbeidspartnar og bidragsytar til slike kurs.

Nettverk og andre formelle og uformelle møteplassar er gode arenaer for å utveksle kunnskap og erfaringar. Musea, forvaltninga og handverkarar har fleire ulike nettverk i Rogaland, til dømes «Håndkraft – forum for tradisjonshåndverk» på Haugalandet. Det offentlege skal bidra som tilretteleggjar for meir samarbeid mellom dei ulike aktørane.

Stipend

Fylkeskommunen har oppretta eit utviklingsstipend for tradisjonshandverkarar som vart lyst ut for fyrste gong våren 2022. I tillegg til å bidra til at tradisjonelle handverkstradisjonar blir ivaretekne og vidareførte, er det ei målsetting at stipendet skal bidra til å auke status, interesse og rekruttering til denne typen yrke.

Oppsummering

Me skal

- legge til rette for bevaring, vidareføring og dokumentasjon av immateriell kulturarv
- legge til rette for at handverkarar kan lære seg tradisjonshandverk gjennom kursing, stipend og utdanning
- legge til rette for samarbeid og møteplassar mellom offentleg forvaltning, museum, frivillige organisasjonar, stiftingar, bedrifter og vidaregåande skular om bevaring av tradisjonshandverk.

6.1.4 Strategi 1D – klimaendringane

Verne kulturmiljø mot effektane av klimaendringane og bidra til at kulturminne blir brukte i klima-innsatsen

Klimaendringane fører til at kulturminne og kulturmiljø forsvinn eller blir øydelagde i eit aukande tempo. For å bremse klimaendringane må heile samfunnet redusere energibruk og klimagassutslepp, og kulturminne kan vera ein ressurs for å redusere utslepp.

For å beskytte kulturmiljø mot effektane av klimaendringane, trengst det kunnskap om risiko og sårbarheit. Kulturmiljø bør vere del av klimarisikoanalysar på lokalt nivå. Ein risikoanalyse gjev kunnskap om kvar det er størst risiko for skade og tap, og kva avbøtande og risikoreduserande tiltak som er mest aktuelle. Når mange kulturminne er truga, er det eit sterkare behov for å prioritere kva kulturminne det er viktigast å ta vare på, og sette inn målretta tiltak.

Rehabilitering og oppgradering av bygningsmasse er viktige bidrag for å redusere unødig energibruk og klimagassutslepp. Mange eigarar ynskjer å gjennomføre energieffektiviserande tiltak, for eksempel ved å installere varmepumper, energi-brønnar eller solcellepanel.

Slike klimatiltak er nødvendige på mange bygg om me skal stoppe klimaendringane, men det kan krevje store fysiske og visuelle inngrep i viktige kulturhistoriske bygg og miljø. Tekniske installasjonar kan vere i konflikt med vern, og det vil vere av stor betydning at ein ser slike tiltak samla for kvart område, slik at det er føreseielege rammer for eigarar og heilskaplege estetiske uttrykk. Slike vurderingar bør gjerast gjennom større prosessar som

kommuneplanar, kommunedelplanar, og reguleringsplanar – ikkje frå sak til sak. Då er det viktig å vurdere tolegrenser, estetikk, størrelse og plassering av installasjonar. Her bør det også utarbeidast gode rettleiarar og retningslinjer på nasjonalt nivå.

Bevaring av bygg er ein viktig del av den framtidige sirkulærøkonomien, og restaurering og gjenbruk gjev i mange tilfelle klimagevinst samanlikna med å rive og bygge nytt. Gjenbruk av bygg bidreg til å bevare kulturminne for framtida.

Oppsummering

Me skal

- styrke kunnskapsgrunnlaget om kva slags effekt klimaendringane har på viktige kulturminne og kulturmiljø i Rogaland
- utføre naudsynte klimatilpassingar på sårbare kulturmiljø og kulturminne
- legge til rette for gjenbruk, vidare bruk og klimatiltak på eldre bygg gjennom rettleiing og informasjon.

MÅL 2:

Kunnskap

I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.

6.2.1 Strategi 2A – kulturmiljø i kommunane

Styrke arbeidet med kulturmiljø- forvaltning i kommunane

Kommunane har eit sjølvstendig ansvar i kulturmiljøforvaltninga, og kommunen er samstundes i dei fleste saker den fyrste instansen ein møter når ein skal søke om tiltak på eller ved kulturminne. Kommunen har eit stort lokalt handlingsrom innan samfunnsutvikling og arealforvaltning og treng god kunnskap og medvit om forvaltning, bruk og bevaring av eigne kulturmiljøressursar.

Fylkeskommunen har sidan 2013/2014 styrka si satsing retta mot kommunane, både gjennom oppfølging av den nasjonale satsinga til Riksantikvaren, som KIK-prosjektet, og som prioritert tiltak i handlingsprogrammet for Regional kulturplan (2015–2025).

Fylkeskommunen og Riksantikvaren har

- arrangert årlege seminar og møteplassar for kommunalt tilsette
- gitt økonomisk støtte til kulturminneplanar eller kompetansebygging
- bidrege med råd og rettleiing



Foto: Elisabeth Tønnessen

Træe på Line i Time kommune.

Kommunal, regional og statleg innsats har ført til at

- 24 av 26 kommunar har per 2022 vedteke ein kulturminneplan
- kulturmiljø er sette på den lokalpolitiske dagsordenen
- kommunane aukar lokalt engasjement gjennom å legge til rette for bruk, oppleving og bevaring av kulturmiljø
- kommunane har oversikter over eigne verneverdige kulturminne

Kulturminneplanar, handlingsprogram og kunnskap i kommunane må haldast ved like og oppdaterast. Det er difor viktig å halde fram med å støtte kommunane i deira innsats for å registrere, bruke, bevare og skape begeistring for kulturminne og kulturmiljø. Større kommunar har gjerne eigen byantikvar/kommuneantikvar, og fleire kommunar uttrykker behov og ynskje om ei slik stilling i eigen kommune. Eventuelt som eit samarbeid mellom fleire kommunar som den tidlegare region-antikvarstillinga i Dalane. Slike tilbod er eit svært verdifullt tilskot for ivaretaking av kulturminne både på lokalt og regionalt nivå. Finansiering av slike stillingar er eit kommunalt ansvar.

Det er stor variasjon i kunnskap og kompetanse om kulturmiljø i dei ulike kommunane i Rogaland, og det er stor variasjon i ressursar i den kommunale kulturmiljøforvaltninga.

Oppsummering

Me skal

- legge til rette for kurs og seminar og møteplassar mellom fylkeskommunen, kommunar og andre aktørar
- sette kulturmiljø på den kommunale dagsorden, og legge til rette for lokal bevaring og bruk av kulturmiljø.



Foto: Rogaland fylkeskommune

I Leiranger i Tysvær ligg tufta etter eitt av dei største nausta me kjenner til i Rogaland. Naustet har truleg vore ein del av leidangen, det norske kystforsvaret i mellomalderen.

6.2.2 Strategi 2B – formidling

Formidle kunnskap om kulturmiljø og historie breiare, meir engasjerande og meir effektivt

God formidling bidreg til at befolkninga blir medvitne om kva verdiar kulturminna i deira lokalmiljø representerer. Auka kunnskap gjev betre forståing av både fortida og vår eiga tid. Større aksept for kulturarven sin plass og verdi i samfunnet kan bidra til god arealforvaltning og effektiv sakshandsaming i plan- og byggesaksprosessar og legge grunnlag for næringsutvikling med utgangspunkt i kulturminne.

Å ha tilgang til kunnskap og dokumentasjon om eiga historie er ein grunnleggande demokratisk verdi for både einskildindivid og grupper i samfunnet. Derfor trengst det sterke fagmiljø innan arkiv, museum og andre institusjonar og grupper som tek vare på den immaterielle og materielle kulturarven, og gjer denne tilgjengeleg.

Breiare, meir engasjerande og meir effektiv formidling inneber ei større satsing på formidling enn i dag. Mange aktørar gjer ein svært god jobb med å formidle kulturmiljø, men regionalplanen sitt mål inneber å strekke seg mot å bli enda betre. Breiare i tema, måtar og stader å formidle, formidling som bidreg til

engasjement, og at vi bør sjå korleis formidlinga kan bli meir effektiv, særleg gjennom samarbeid og samhandling. Samtidig skal formidling av kulturmiljø i Rogaland vere av høg kvalitet.

Formidlinga kan utførast av mange ulike aktørar, på mange forskjellige måtar og arenaer, og i fleire ulike format. I dag er det særleg museum, frivillige organisasjonar og næringslivet som formidlar kulturarv og kulturmiljø i Rogaland. Fylkeskommunen si formidling skjer særleg gjennom skilting og skjøtsel av arkeologiske kulturminne, som tema i den kulturelle skulesekken (DKS) og gjennom opplæring i vidaregåande skule. Kommunane og fylkeskommunen er viktige som utviklingsaktørar og kan koordinere og legge til rette for formidling hos andre aktørar. Det er særleg viktig å styrka formidlinga mot barn og unge. Bruk av digitale verkemiddel kan vera ein framgangsmåte, samt at me vil utforske ulike måtar å formidle kulturmiljøa der dei ligg og ute i landskapet – og skape eit lokalt engasjement for kulturmiljø i tidleg alder. Kulturarven sin eigenart kan gjerne nyttast for å skape ei motvekt til dei unge sine digitale kvardagsvaner.

Fylkeskommunen vil styrke rolla si som utviklingsaktør innan formidling.

Skilting og skjøtsel av arkeologiske kulturminne

Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for skilting og skjøtsel av automatisk freda kulturminne. Skilting av nyare tids kulturminne er det i større grad kommunar eller organisasjonar som gjer.

Erfaring tilseier at skilta bidreg til å gjera kulturminna kjent og tilgjengelege samstundes som dei skaper turglede. Framover skal fylkeskommunen vurdere ansvarsfordeling mellom fylke og kommunar, samt arbeide strategisk med samarbeid og finansiering. Det er viktig at kommunane tar større ansvar for skilt enn i dag.

Mange kulturmiljø ligg langt frå veg og sti, og er ikkje fysisk tilgjengelege for alle. I tillegg er eksisterande formidling ikkje tilpassa brukargrupper med ulike behov for tilrettelegging. Ved å betre den fysiske tilgangen til kulturminne og kulturmiljø, og utvikle skilt og andre informasjonskanalar, med eit mål om auka tilgjenget, kan me femne om ei enda breiare målgruppe. Fylkeskommunen vil arbeide for at ein større del av kulturminne/miljø skal bli tilrettelagte for fleire, og skal sette i gong ei kartlegging av kvar det er mest hensiktsmessig å auke innsatsen for å oppnå betre kunnskapsformidling og fysisk tilgjengelegheit for brukarar med behov for tilpassing. I samråd med kommunar og andre involverte aktørar, vil ei slik kartlegging ligge til grunn for kva kulturminne/miljø me skal prioritere for universell tilrettelegging.

Fylkeskommunen sin innsats er inntil vidare særleg knytt til oppfølging av Riksantikvarens bevaringsprogram og støtteordningar for formidling av arkeologiske kulturminne og bergkunst (BARK og BERG). Dei nye bevaringsstrategiane til Riksantikvaren kan føre til endringar for bevaringsprogramma, men desse blir vidareførte fram til nye strategiar er klare.

Jubileum og festivalar

Feiring og markering av historiske hendingar kan skape stor merksemd og engasjement omkring kulturarv og kulturminne og løfte historieformidlinga ut til nye målgrupper. Til dømes fekk svært mange rogalendingar vikingtida løfta fram i medvitet i samband med feiringa av Rikssamlingsjubileet Hafrsfjord – Nordvegen 2022. Dette bør inspirere til

satsing på kommande jubileum. Rogaland fylkeskommune skal bidra til utvandrarjubileet i 2025 og jubileet Stavanger 2025.

Festivalar og arrangement som formidlar kulturarv eller brukar kulturminne og kulturmiljø som viktige element, kan også bidra til auka merksemd og engasjement. Mediereportasjar om slike arrangement bidreg til svært effektiv og brei formidling.



Foto: Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger

Omvising på utgravingane på Landa i Sandnes kommune.

Digital formidling

Rogaland fylkeskommune og Arkeologisk museum (UIS) gjennomførte eit forprosjekt rundt digital formidling av bergkunst i 2021–2022. Digital formidling kan beskytte sårbare kulturminne fordi det er eit inngrepsfritt alternativ til fysisk formidling. Gjennom forprosjektet er det skissert ei løysing for digital formidling med kombinasjon av artiklar, 360-graders foto, video og bilete som kan brukast fleire stader.

Det finst mykje digital formidling av kulturminne på fleire ulike nettsider og plattformer. Fylkeskommunen formidlar kulturminne digitalt gjennom sosiale media, men meste parten av den digitale formidlinga er det organisasjonar og museum som står for.

Digital kulturarvportal

Det er svært mykje kunnskap om historie og kulturmiljø i bøker, tidsskrift, arkiv og på ulike nettsider. Denne kunnskapen er viktig for kulturmiljøforvaltninga og interessant for publikum. Mykje informasjon er offentleg tilgjengeleg gjennom nettsider, arkiv eller bibliotek, medan anna er vanskeleg å få tak i.

Som del av handlingsprogrammet er det forslag til eit tiltak der fylkeskommunen skal vurdere om det skal opprettast ein felles nettportal for å samle informasjon om kulturminne. Tidlegare Buskerud fylkeskommune har laga ein slik digital kulturarvportal, og ei tilsvarande løysing kan etablerast i Rogaland, men det vil fyrst krevje ytterlegare utgreiing og vurdering av kostnader og omfang.

Oppsummering

Me skal

- bidra til at kulturmiljø i større grad kan bli formidla gjennom skulen, friluftsliv, ulike arrangement og av ulike aktørar
- legge til rette for fysisk skilting og digital formidling av kulturminne i landskap og kulturmiljø
- bidra til at meir formidling skal vere tilgjengeleg for flest mogleg
- gjere kunnskap og informasjon om kulturarv og kulturmiljø tilgjengeleg for publikum gjennom gode digitale tenester
- samarbeide med friluftsråd og frivillige organisasjonar om å informere om kulturminne som turmål, både i tettbygde strøk, langs kysten, i kulturlandskapet og i hei- og fjellområde.

6.2.3 Strategi 2C – kunnskapsgrunnlaget

Oppdatere og utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturminne, kulturmiljø og landskap

Det er mange kjende kulturminne, kulturmiljø og landskap i Rogaland som er registrert gjennom ulike prosjekt for kunnskapsinnhenting, kulturminneplanar, i Askeladden og andre databasar.

Registrerte kulturminne utgjør kunnskapsgrunnlaget som kommunal, regional og statleg kulturmiljøforvaltning brukar i det daglege, og det har vore sentralt for utvalet av kulturmiljø av regional interesse.

For nokre typar kulturminne, kulturmiljø og fartøy er det behov for eit betre og breiare

kunnskapsgrunnlag. Stølar og anna bruk av utmarka er til dømes i varierende grad registrerte, og foreløpig er ingen stølsmiljø markerte i den regionale oversikta. Sjø og vassdrag er i lite omfang systematisk registrert, og automatisk freda kulturminne i sjø og vassdrag samt skipsfunn er i liten grad kartlagt og kjent.

For kommunane er det fyrst og fremst prosessane knytt til kulturminneplanane som gjev høve til kunnskapsinnhenting. På statleg nivå har Riksantikvaren eit eige register over miljø og landskap med nasjonal interesse, og Askeladden gir oversikt over nasjonalt viktige kulturminne. Riksantikvarens nye bevaringsstrategiar kan bidra til nasjonal kunnskapsinnhenting.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Gjennom arkeologiske undersøkingar blir det kvart år avdekkja nye spor frå førhistorisk tid i Rogaland.



Litunet i Hylsfjorden er ein museumsgard med bygningar frå 17-og 1800-talet, men byggemåten peiker mykje lenger tilbake i historia.

Digitalisering

Ein del av informasjonen i dei offentlege registera over kulturminne, som til dømes Askeladden og SEFRAK, er fleire tiår gamle og vanskelege å forstå utan fagleg bakgrunn eller opplæring. Digitalisering, forbedring og fornying av eldre informasjon er eit kontinuerleg arbeid og eit ansvar for forvaltninga på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Kunnskap om tilstand og status

Mange kulturminne gror igjen eller står til forfalls, og kvart år blir fleire av dei rivne eller fjerna. Ifølge eit nasjonalt miljøovervakingsprogram har til dømes 28 prosent av bygg frå før 1900 gått tapt sidan 1975. Samstundes forsvinn det kvart år ei mengd eldre kulturminne som gravhaugar og tufter på grunn av jordbruk og bygge- og anleggsarbeid.

Det er behov for ein gjennomgang av status og tilstand for kulturminne og kulturmiljø i Rogaland for å styrke kunnskapsgrunnlaget for framtidig bevaring og utvikling. I oppfølginga av planen vil det bli vurdert korleis dette kan gjennomførast og kva omfang som er hensiktsmessig og tilstrekkeleg.

Framtidig kunnskapsinnhenting

I samband med årleg rullering av handlingsprogrammet vil ein velje ut nye tiltak for innhenting av kunnskap. Det er naturleg å sjå denne kunnskapsinnhentinga saman med etablerte prosjekt på regionalt og nasjonalt plan. Formidling av den nye kunnskapen er ei naturleg forlenging av tiltaka.

Oversikta over kulturmiljø av regional interesse er ikkje ferdigstilt, og oppdatering og revidering er prioriterte tiltak i handlingsprogrammet.

I første rekke vil det vera behov for å fullføre vurderinga av kva kulturmiljø i Sandnes kommune som skal med i tillegg til vurdering og oppdatering på bakgrunn av innspel til nye kulturmiljø som kom i samband med høyringa. Revidering av kulturmiljø av regional interesse vil bli lagt fram for fylkesutvalet og bli sendt på høyring til dei kommunane som vert omfatta av endring. Tekstlege endringar av skildringar av kulturmiljøverdiar og vurderingar knytt til kulturmiljø som allereie er ein del av oversikta, vil bli gjort administrativt.

For å lykkast med denne kunnskaps-innhentinga er godt samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, musea, frivillige organisasjonar og statlege aktørar naudsynt. Dette kjem i tillegg til den faste kunnskaps-innhentinga som kommunane gjer, samt det som blir registrert gjennom reguleringsprosessar, arkeologiske registreringar og regionale og nasjonale prosjekt.

Korleis skal kunnskap bli gjort tilgjengeleg?

All ny kunnskap skal vera tilgjengeleg digitalt gjennom karttenester eller nettsider.

Temakart-Rogaland er karttenesta til Rogaland fylkeskommune, der publikum har tilgang på informasjon frå Askeladden, SEFRAK, matrikkelen og mange andre nettressursar. Fylkeskommunen skal vidareutvikle og tilpasse Temakart slik at kulturminneinformasjonen blir enklare å forstå, oppdatert og tilgjengeleg for publikum.

Mange kommunar, museum og organisasjonar har også eigne digitale karttenester, som kan vere gode forvaltningsverktøy. Kommunale, nasjonale og fylkeskommunale karttenester skal samsvare, og informasjon må vere lett tilgjengeleg for både publikum og forvaltning. Universell utforming og brukarvenlegheit av digitale tenester er viktig.

Informasjon om kulturminne og kulturmiljø skal presenterast brukarvennleg med tekniske kart, ryddige system og presise skildringar. Gode digitale løysingar og informasjon som brukarar enkelt kan finna fram til på eiga hand, vil frigjere tid hos rådgjevarar til å prioritere sakene der det er størst behov for rådgjeving og hjelp.

Oppsummering

Me skal

- oppdatere og supplere oversikta over vesentlege regionale kulturmiljøinteresser
- utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturmiljø i Rogaland gjennom samarbeid, kartlegging og digitalisering
- gjere god og oppdatert informasjon om kulturmiljø tilgjengeleg gjennom gode, brukarvenlege digitale løysingar.

MÅL 3:

Bruk og engasjement

I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhøyrse og unike opplevingar.

6.3.1 Strategi 3A – Stadutvikling og engasjement

Bruke kulturmiljø som ressurs for å skape lokalt engasjement og levande og attraktive stader

Kulturmiljøvernet er kjenneteikna av eit stort engasjement i by og bygd i Rogaland. Einskildpersonar, frivillige lag, næringsaktørar og lokalsamfunn tar vare på, formidlar, undersøker og bruker kulturmiljø på ulike vis. Historia er grunnlaget for samfunnet vi har i dag, og kulturmiljøa i by og bygd viser utviklinga og gjev stadene særpreg.

Kulturarven, som til dømes tradisjonelle praksisar og uttrykksmåtar, bidreg til både kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Den tilbyr eit uttrykk for autentisitet og tilhørsle som gir oss verdiar både sosialt og økonomisk. Ved aktivt å ta i bruk materiell og immateriell kulturarv i verdiskapinga, styrker ein lokal økonomi, støtter sirkulær ressursutnytting og understøttar lokal identitet.

Lokalt og regionalt engasjement for kulturarven

Europarådet sin rammekonvensjon om kulturarven sin verdi for samfunnet, Faro-konvensjonen, anerkjenner at alle har rett til å ta del i den kulturarv som dei sjølv vel, samstundes som dei skal respektere rettane og fridomen til andre. Tilnærminga bygger opp om dei demokratiske verdiane i forvaltninga av kulturmiljø og bidreg til aktive og inkluderande lokalsamfunn.

Frivillige registrerer og formidlar lokal kulturarv, driv skjøtsel og bidreg til kunnskapsauke og engasjement gjennom ulike typar arrangement og aktivitetar. Dei sit ofte på viktig kunnskap som bør sikrast og innlemmast i offentlege databasar.

Engasjement kan bidra til å løfte fram verdiar som er viktige for lokalmiljøet og ha stor verdi i aktuelle plan- og byggesaker.

Frivillig kulturvernarbeid og engasjement skaper nettverk og relasjonar, og er såleis med på å forebygge einsemd og utanforskap. Slik sett bidreg frivilligheita til å betre folkehelsa i Rogaland.

For at det frivillige kulturvernet skal ha gode vekstvilkår, er dei avhengige av rekruttering. Mange organisasjonar er i vekst og har høgt aktivitetsnivå, men klarer ikkje alltid å nå breitt ut. Særskilt for mange kulturvernorganisasjonar er at dei har mange eldre, erfarne frivillige som sjølv er ei kjelde til kunnskap om kulturarven.

Medverking er ein viktig del av alle planprosessar, og skal gje moglegheit for lokalsamfunna til å gje innspel og engasjere seg for bevaring og forvaltning av kulturmiljø, uansett om dei er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller ikkje har eit formelt vern.

Fylkeskommunen og kommunane si rolle mot det frivillige kulturvernet er særleg å vera tilretteleggjar, tilskotsgevar og rådgjevar. Kommunane bør sørge for gode rammer for frivillig kulturvern gjennom gode lokale og fasilitetar. Fylkeskommunen kan legge til rette for samarbeid på regionalt plan.

Kulturmiljø og stadutvikling

Alle stader i Rogaland har ei heilt eiga og særprega historie. Kulturminne og kulturarv er spor av denne historia. Det kan vera byområde, eldre næringsbygg, arkeologiske kulturminne eller immateriell kulturarv som namn, dialekt og lokal tradisjon. Bevaring og utvikling av god stadleg eigenart og lokale kulturmiljø er gode grep i stadutviklinga.

Attraktive kulturmiljø kan spele ei rolle for kor folk ynskjer å bu og opphalde seg. Ein studie utarbeidd for Riksantikvaren i 2017 syner til dømes at det er høgare vilje til å betale for verna bygningar enn tilsvarande ikkje verna, og at det er meir attraktivt å busetje seg i historiske kulturmiljø enn i andre område.

Utbygging og fortetting legg press på mange kulturmiljø, og dei samanhengande historiske miljøa sin eigenart vert ofte trua av dårleg tilpassa tiltak som kan øydelegge både

lesbarheit og opplevingsverdiar. Samstundes er fortetting og utbygging av sentrale byområde naudsynt som klimatiltak. Det er eit viktig ansvar for forvaltninga å balansere ulike omsyn og finne gode løysingar for kvar stad.

For å bevare kulturmiljøa som gode element, og skape ei utvikling som gjer kulturhistoriske stader gode å leve i, bruke og oppleve, er det viktig med kunnskapsbasert og stadtilpassa utvikling. God planlegging er viktig, med gode og oppdaterte arealplanar. Planlegginga bør skje med bakgrunn i stadanalysar. Det er fyrst med god lokal kunnskap ein kan finne ut kva løysingar som passar og bidreg til å skape varierte og særmerkte stader i Rogaland.

Rogaland fylkeskommune har eit eige stadutviklingsprosjekt som legg til rette for samarbeid om stadutvikling og økonomisk støtte. Kulturmiljø er ein viktig del av dette prosjektet.

Oppsummering

Me skal

- styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturmiljøfeltet
- legge til rette for at frivillige – og andre engasjerte – kan ta vare på kulturminne, lage opplevingar, medverke i offentlege prosessar og på andre måtar ta del i kulturarven
- bidra til at immateriell og materiell kulturarv blir bevart og brukt som ein ressurs for lokalsamfunn
- ta i bruk stadanalyse som verktøy i utviklingsprosjekt slik at ein sikrar kunnskapsbasert og stadtilpassa utvikling
- legge til rette for bruk og gjenbruk av kulturminne og kulturmiljø i stadutvikling gjennom samarbeidsprosjekt, rettleiing, informasjon, gode planar og føringar.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Klepp historielag reinser den stjerneforma gravrøysa på Sele, slik at den er meir synleg og tilgjengeleg for publikum.

6.3.2 Strategi 3B – opplevingar og reiseliv

Fremje bruk av kulturarv og kulturmiljø i opplevings- og reiselivsnæringane

Kulturelle opplevingar blir stadig viktigare for turistar, og tal frå Innovasjon Norge viser også at kulturturistar har eit høgare døgnforbruk enn andre turistar.

«Reiseliv og oppleving» er eitt av fire tematiske satsingsområde i Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland. Regionalplan for kulturmiljø bidreg til å følge opp dette satsingsområdet gjennom god forvaltning, tilrettelegging og samarbeid, slik at kulturmiljø

i Rogaland i enda større grad kan bli brukte for å gje turistar gode opplevingar.

Prosjekta «Kystpilegrimsleia» og «Kraftturisme – opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» er døme på to ulike og nyare inter-regionale satsingar som tar utgangspunkt i kulturhistorie og kulturminne. Begge er støtta av Riksantikvarens verdiskapingsprogram som vart etablert i 2006 og gjev moglegheiter for fylkeskommunar, organisasjonar og andre aktørar til å søke støtte til verdiskapingsprosjekt med basis i kulturmiljø. I oppfølging av planen er programmet ei mogleg finansieringskjelde til nye prosjekt. For interkommunale og interregionale prosjekt er det ofte forventningar, og gjerne og krav, om fylkeskommunal deltaking eller samfinansiering.



Det er store moglegheiter for reiselivsutvikling med basis i kulturmiljø og i historie i Rogaland. Det kan til dømes vere eit potensial i vikingtids-historia, kystkultur, gruveanlegg, pilegrimsvegar og andre historiske vandreruter.

Den andre verdskrigen har sett djupe spor, særleg langs kysten. Krigshistorie er populært blant turistar, og mange av dei bevarte anlegga i Rogaland er lett tilgjengelege. Her er det mogleg å kople oppleving, formidling, kunnskapsbygging og reiseliv for eit felles løft.

Ombruk av kulturmiljø kan både vere ein ressurs for reiselivet, gje grunnlag for opplevingar i nærområdet og resultere i at kulturminne blir sette i betre stand og bevarte gjennom ny bruk.

All reiselivsutvikling bør følge FN sine prinsipp for berekraft, som mellom anna inneber å respektere, vidareutvikle og framheve lokalsamfunnet sin kulturarv, minimere naturøydelegging og forureining og bevare og styrke livskvaliteten i lokalsamfunnet. Moderne masseturisme utfordrar desse prinsippa og må møtast med god kunnskapsbasert besøksforvaltning. Samstundes må fylkeskommunen og kommunane lage gode og føreseielege rammer for næringsutvikling, og sikre godt kunnskapsgrunnlag om kulturverdiar for å redusere potensialet for konflikhtar.

Oppsummering

Me skal

- stimulere til at det blir utvikla fleire gode reiselivsprodukt der kulturarv og kulturmiljø vert nytta som ressurs
- legge til rette for møteplassar og samarbeid mellom ulike aktørar i reiseliv, museum og frivilligheit.

Billettekst føregåande side:

Hitlertennene ved Brusand i Hå kommune.



7. Regionale interesser på kulturmiljøfeltet



Fasgardslør er kledd med bjørkeris, og er kjend frå Dalane.

Foto: Kirsten Hellerdal Fosstveit/Museumstenestene i Rogaland.

Der det er spor etter levd liv, finn me og kulturmiljø i ulike former og uttrykk. Kulturmiljø kan vere av nasjonal, regional eller lokal interesse.

Om eit kulturminne/miljø har lokal, regional eller nasjonal interesse handler ikkje om høg eller låg verdi, men om kva nivå/kontekst desse interessene er vurderte i, kven dei har verdi for, og siktar vidare til kva forvaltningsnivå som har ansvar for dei.

Regional interesse som omgrep vert nytta i verdisetjingsprosessar i samband med plan- og bygningslova. Regional interesse refererer i første rekke til kulturmiljø som er vurdert til å ha høg «verdi» på regionalt nivå, og som fylkeskommunen har eit forvaltningsansvar for, ikkje berre kommunen. Eit kulturminne som kommunen har vurdert som sitt viktigaste lokale kulturminne, treng ikkje ha regional eller nasjonal interesse, utan at det gjer det mindre verdifullt som kulturminne. I praksis er det likevel ofte samanfall mellom kulturminna som kommunane sjølv har trekt fram som sine viktigaste/mest verdifulle, og det som er vurdert til å vere av regional interesse.

- Nasjonale interesser har både staten, fylkeskommunen og kommunane ansvar for.
- Regionale interesser er eit fylkeskommunalt og kommunalt ansvar.
- Lokale interesser er eit kommunalt ansvar.

Eitt av hovudføremåla med planen er å peike på og tydeleggjere dei regionale interessene på kulturmiljøfeltet.

Det er i planarbeidet lagt vekt på å peike ut kulturmiljø, det vil seie område der fleire kulturminne på ulike måtar utgjer eit miljø, og der dette samla sett er vurdert til å ha vesentleg regional interesse.

For at eit kulturmiljø skal vurderast til å ha regional interesse, må det representere noko som er breiare enn det lokale. Det kan til dømes representere noko som er unikt eller særskilt i regional samanheng, men det kan også vere valt ut som regional representant for noko som finst i dei fleste kommunar. Både einskilde kulturminne, kulturmiljø og landskap kan vere av regional interesse.

Følgande overordna definisjon av vesentleg regional interesse kan leggst til grunn:

Eit kulturminne, kulturmiljø eller kulturhistorisk landskap har vesentleg regional interesse om det kan knytast til ei viktig regional eller nasjonal historie eller regionale eller nasjonale særtrekk.

7.1 Kulturmiljø av regional interesse

Oversikt over kva kulturmiljø som er vurderte til å ha vesentleg regional interesse går fram av eige vedlegg, og er tilgjengeleg på nettenesta Temakart Rogaland.

Sjå [oversikt over kulturmiljø i Temakart Rogaland](#)

Sjå oversikt over [kulturmiljø av regional interesse i pdf-format](#)

Oversikta/lista over kulturmiljø av regional interesse vil inngå som ein del av vedteken plan, og skal leggst til grunn for vidare forvaltning av områda.

Oversikta er ikkje juridisk bindande med omsyn til arealbruk, og markeringane/avgrensingane representerer ikkje omsynssonar.

Det kan etter kvart bli behov for å revidere oversikta. Endringar vil bli lagt fram for politisk handsaming og sendt på høyring til relevante kommunar. Redaksjonelle endringar, til dømes endringar i tekst og bilete vil bli gjort administrativt, og ikkje sendt på formell høyring.

Ved framlegging av plan for vedtak inneheld oversikta:

- 185 kulturmiljø av regional interesse.
- 60 kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse tidlegare registrert av Riksantikvaren. Desse er frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap(NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

Les meir om [kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse](#)

Utvalet i oversikta bygger i hovudsak på eksisterande kunnskapsgrunnlag, i fyrste rekke på kommunale kulturminneplanar, men også nasjonale oversikter og eldre regionale planar som inneheld vurderingar av kulturminne. Fylkeskommunen har omfattande, regional kompetanse og eit regionalt perspektiv som fyller ut den lokale kunnskapen i kommunane.

Utvalet som hittil går fram av oversikta, er kvalitetssikra og forankra administrativt gjennom møte med alle kommunane. Det er registrert kulturmiljø i alle kommunane, men Sandnes kommune har eit stort og variert kunnskapsgrunnlag, og resultatet frå kartlegginga i Sandnes kommune er ikkje klart til høyring og vedtak av planen. Fylkeskommunen tar sikte på å fullføre oversikta for Sandnes i løpet av 2023.

Oversikta over kulturmiljø av regional interesse tek berre føre seg område der kulturminne inngår i ein større samanheng eller heilskap, og som representerer viktig regional eller nasjonal historie eller sætrekk. Oversikta viser ikkje einskilde tun eller bygg, einskilde arkeologiske kulturminne eller større landskap som det er knytt regionale interesser til.

Omfanget av miljøa varierer, men dei skal skildre vesentlege regionale interesser som inngår i ein større samanheng eller heilskap.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Sogndalstrand har høg verdi og gir oss kunnskap om kystkultur og liv i Dalane dei siste 500 år.

For å ivareta heilskapen, har det vore prioritert å kartlegge geografisk avgrensa område som har ein slik samanheng, framfor einskilte kulturminne og små miljø. Sjølv om einskildliggande kulturminne av regional eller nasjonal interesse ikkje er tekne med i oversikta, kan dei likevel ha høg verdi som kulturmiljø, og må forvaltast deretter.

Det er lagt vekt på å velje kulturmiljø som representerer ulike delar av kulturhistoria i Rogaland. Kvart miljø er vurdert ut ifrå kva del av historia dei fortel, kva regionale særtrekk dei er døme på, kva verdiar dei er tillagde, om dei er sjeldne førekomstar som ein særleg må ivareta eller om dei er typiske eksempel på kulturmiljø som er særleg knytt til landskapa i Rogaland og den historiske identiteten vår.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Nordvikvågen på Utsira.

Utvalet synleggjer noko av mangfaldet (og omfanget) av kulturmiljø som finst i Rogaland, og som representerer dei særtrekka som har vore ein del av Rogaland si kulturhistorie.

Regionale, og nasjonale, interesser på kulturmiljøfeltet utover dette, finn me også i eksisterande register og oversikter, til dømes NB!-registeret, kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), og utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL). Desse er lagde inn og kartfesta i oversikta over kulturmiljø av regional interesse.

I tillegg har me Kulturminnelova som seier at ståande bygg eldre enn 1650 og arkeologiske kulturminne som er eldre enn 1537 er automatisk freda, og såleis rekna som nasjonalt verdifulle i eigenskap av alderen sin. Dei kjente kulturminna i desse kategoriane er registrerte i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden og er offentleg tilgjengelege i temakart-Rogaland og kulturminnesøk.

I tillegg til å klargjere kva regionale verdier dei utvalde kulturmiljøa har, peiker den historiske oversikta også på dei regionale verdiane i høve til einskildliggande kulturminne og mindre kulturmiljø som ikkje inngår i oversikta over kulturmiljø av regional interesse.

Artikkelen er eit forsøk på å synleggjere og tydeleggjere kva som kjenneteiknar det regionale særpreget knytt til dei ulike temaa:

- busetjing, by- og tettstadsutvikling
- kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart
- administrasjon, fellesskap, makt og demokrati
- tradisjon og religion
- samferdsel og kommunikasjon
- industri og næring
- landbruks- og kulturlandskap
- jakt og fangst
- krig og konflikt
- minoritetar

7.2 Ei kulturhistorie for Rogaland – kunnskapsgrunnlag for verdivurdering

Det er utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag og verdigrunnlag som skal vere eit hjelpemiddel for både kommunal og regional forvaltning i verdivurdering av både einskildminne og miljø. Oversikta «Ei kulturhistorie for Rogaland» skal, saman med oversikta over regionale kulturmiljø, bidra til å synleggjere dei regionale interessene og kva som særpregar Rogaland.

Les «Ei kulturhistorie for Rogaland»

8. Planretningslinjer



Foto: Rogaland fylkeskommune

Eigerøy fyr frå 1854 i Eigersund kommune.

Kva er planretningslinjer?

Retningslinjer i regionalplanen er «regionale spelereglar» for å stake ut ein felles kurs for utvikling i regionen, og dei er verktøy for å nå måla i planen.

Regionalplanen sine retningslinjer oppsummerer grunnleggjande krav knytt til bevaring, bruk og utvikling av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Retningslinjene er forankra i plan- og bygningslova. Dei er konkretiserte ut frå nasjonale føringar samt regionale behov, verdier og interesser. Retningslinjene skal bli lagde til grunn for planarbeid og annan forvaltning på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå, jamfør plan- og bygningslova § 8-2.

Regionale og statlege myndigheiter kan fremje motsegn til planer og tiltak som er i strid med retningslinjer i regionalplanen.

Ei planretningslinje gjev føringar for kommunal, regional og statleg planlegging og verksemd, men er ikkje direkte førande for arealbruk slik som retningslinjer i kommune- og reguleringsplanar.

Desse retningslinjene, saman med oversikta over kulturmiljø av regional interesse vil bidra til meir likskap og føreseieleg forvaltning over kommunegrensene.

Retningslinjene er overordna, og har generelle formuleringar. Fleire av dei har forventingar om at det må gjerast ulike vurderingar av kulturmiljø i annan planlegging, til dømes å bruke stadanalyse som verktøy i samband med prosessar og tiltak knytt til historiske stader. Eit anna sentralt prinsipp er at planlegging skal



Foto: Dagbladet/Norsk Folkemuseum

Skudeneshavn i 1954.

ta omsyn til kulturmiljø, utan at retningslinjene gjev fasitsvaret til korleis dette skal gjerast. Det er viktig å gje rom for lokale vurderingar og høve til å tilpassa forvaltning og utvikling til lokale forhold.

I oppfølging av planen vil det vere sentralt for regionale myndigheiter å bidra med rettleiing og støtte til kommunane, slik at dei har tilstrekkeleg kompetanse til å omsetje regionale retningslinjer til lokal arealforvaltning.

Det er fleire andre regionale planar med planretningslinjer, og kulturmiljøplanen skal samsvare med desse.

8.1 Planretningslinjer

Tema 1: Generelle retningslinjer

1.1. Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av vesentleg nasjonal og regional interesse eller verdi skal bevarast.

Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal samstundes forvaltast som ressursar i areal- og miljøforvaltninga. Fylkeskommunen og kommunane skal sjå kulturmiljø i samanheng med utviklinga i andre samfunnsområde som til dømes: kultur, folkehelse, friluftsliv, opplæring, næringsutvikling, reiseliv, matproduksjon, klima og miljø, risiko og sårbarheit og universell utforming.

1.2. Jamfør PBL 3-1 skal alle planar sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle

landskap og kulturmiljø. Kommunane skal kartlegge viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av lokal, regional og nasjonal verdi. Slike kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap skal sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar, samt i lokal utvikling og forvaltning.

1.3. Offentleg tilgjengelege kulturmiljø og formidlinga av desse, skal gjerast tilgjengeleg for flest mogleg. I arbeidet med å legge til rette for bruk og besøk av kulturminne og kulturmiljø, skal det takast omsyn til både kulturhistoriske verdiar og omgjevnader, og til prinsippa for universell utforming.

Tema 2: Kulturmiljø av regional interesse

Med planen fylgjer ei oversikt over kartlagde kulturmiljø og landskap av vesentleg regional interesse.

Kulturmiljøa si utstrekning i kartet og skildringa av kvart miljø er rettleiande og viser kva miljøa består av og kvifor dei har regional interesse.

2.1. Kulturmiljøa er ressursar for kunnskap, oppleving og bruk. Verdiane må sikrast i kommunale planar og forvaltning, der einskildminne og samanhengen mellom desse blir ivaretekne.

2.2. Utvikling og endring innan kulturmiljø av regional interesse bør skje med særskilt omsyn til kulturminna, forma og konteksten deira.

2.3. Sikring av kulturmiljø av regional interesse kan skje gjennom generelle føresegner samt omsynssoner i kommunale planar. I den vidare forvaltninga bør utvikling gjennom bruk og formidling, vedlikehald og skjøtsel leggjast vekt på.

Oversikta er ikkje uttømmande. Det finst også andre kulturminne, kulturmiljø og landskap som kan ha vesentleg regional interesse. Desse må bli vurderte særskilt i einskildsaker og behandlast i tråd med føringane over.

I oppfølging av regionalplanen og rullering av handlingsprogram vil det bli teke inn nye kulturmiljø og landskap i oversikta.

Tema 3: Berekraftig stadutvikling

3.1. «Riksantikvarens strategi og faglige anbefalinger for by- og stedsutvikling» bør ligge til grunn for forvaltinga av kulturmiljø av regional og nasjonal verdi.

3.2. Verneverdige bygningar og bygningsmiljø er ressursar i by- og stadutvikling. Kulturmiljøa bør nyttast som eit verkemiddel og viktige bidrag til å skape trivsel, bulyst og gode møteplassar gjennom berekraftig bruk, omforming og gjenbruk.

3.3. Ved fortetting, nybygg og endringar i viktige historiske byområde, samt i eller nær viktige kulturmiljø, skal det takast omsyn til det eksisterande bygningsmiljøet i byggeskikk, plassering, høgde, volum, utforming og materialbruk.

3.4. Nye tiltak i randsona rundt viktige kulturmiljø eller kulturlandskap må bli utforma slik at verdiane deira og særpreget ikkje blir svekka.

3.5. Kulturlandskap og automatisk freda kulturminne som ligg i eller ved område for utbygging eller fortetting, skal fortrinnsvis

søkast bevart og bli skjøtta som grøntområde eller tilsvarande, slik at dei kan vera kjelder til oppleving og formidling også i framtida. Eit alternativ til bevaring er utgraving og formidling av utgravingsresultatet. Det må i kvart tilfelle vurderast kva løysing som er mest hensiktsmessig, og kva som bidreg mest til langsiktig verdiskaping, stadutvikling og berekraft.

Stadanalyse og konsekvensutgreiingar

3.7. Kommunane har ansvar for at planprosessar i område med viktig kulturhistorisk busetnad og strukturar blir gjennomførte med tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Som del av kunnskapsgrunnlaget for ein plan er kulturhistoriske stadanalysar eit godt verktøy. Ein kulturhistorisk stadanalyse kan kartlegge, skildre og vurdere kulturminne og kulturmiljø frå alle periodar og vise korleis dei kan vere lokale ressursar for kunnskap, oppleving og bruk. Ei kulturhistorisk vurdering kan vere del av ein større stadanalyse.

3.8. Planar som skal konsekvensutgreiast skal følge retningslinjer frå Miljødirektoratet.

Tema 4: Landskap

4.1. Ivaretaking av dei opne grønne areala og kulturlandskapet er viktig. Det inneber mellom anna god skjøtsel, men også at ein unngår nedbygging og skogplanting som vil vere i konflikt med kulturlandskap- og kulturmiljøverdiane. Jordbruksdrift som skjer på kulturlandskapet sine vilkår er viktig for å oppretthalde landskapskarakteren.

4.2. Landskapsverdiar av vesentleg regional og nasjonal interesse skal vektleggast i arealplanlegging og verksemd. Nye tiltak må tilpassast landskapet og bli forma slik at viktige kulturhistoriske og landskapsmessige samanhengar blir vidareførte. Ved nye større byggetiltak på landbrukseigedommar i område med vesentlege regionale og nasjonale kulturlandskapsverdiar, må tiltak bli tilpassa landskap og kulturmiljø.

4.3. Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskapselement i landskapet utanfor by-

og tettstadsområde av nasjonal og vesentleg regional interesse skal takast vare på og vere kjelde til oppleving, kunnskap og bruk.

Døme på kulturminne i landskapet er steingardar, slåttemark, rydningsrøyser, stølar og andre minne frå eldre jordbruksdrift, men kan også vere kulturminne frå annan bruk av landskapet.

Ny bruk av tomme bygg

4.4. I område for landbruk-, natur- og friluftsføremål kan det bli vurdert vern og alternativ bruk av bygningar utan føremål, dersom bygga har vesentleg nasjonal eller regional kulturminneverdi og den alternative bruken har avgrensa konfliktnivå med hovudinteressene i LNF-området. Verneverdien må bli vurdert særskilt av sektormyndigheit innan kulturminnevern og kulturmiljøansvarleg i kommunen.

Tema 5: Natur og klima

5.1. Faglege tilrådingar frå Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning ligg til grunn for forvaltninga av kulturmiljø der det er relevant.

5.2. Kulturmiljø kan vere ein ressurs i klimainnsatsen gjennom berekraftig bruk og utvikling.

I avvegingar mellom riving og nybygging eller restaurering av gamle bygg bør det brukast heilskaplege og samanliknbare klimagassberekningar som fannar heile byggeprosessen og bygningen sitt livsløp.

5.3. Verneverdige bygg kan bruke mindre energi og føre til mindre klimagassutslepp gjennom energieffektiviseringstiltak. Tiltak må vera tilpassa bygningen sin verneverdi og tolegrense.

5.4. Kulturmiljø må forvaltast med omsyn til eit endra klima. Forvaltning og behov for klimatilpassing må baserast på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Kulturmiljø må inngå i kommunale og regionale planar for klimatilpassing, der risiko, sårbarheit og behov for tiltak blir vurdert. Kommunale planar må forebygge tap av og skade på kulturmiljø som ein konsekvens av eit endra klima.

Tema 6: Sakshandsaming

6.1. Søknad om tiltak som kan påverke kulturminne, kulturmiljø og landskap av vesentleg regional eller nasjonal verdi skal som hovudregel sendast over til fylkeskommunen til uttale.

I retningslinjene til kommuneplanen sin arealdel, bør kommunane spesifisere kva tiltak, kulturminne, kulturmiljø og landskap dette gjeld.

6.2. Søknad om tiltak på kulturhistorisk viktige bygg skal vere tilstrekkeleg dokumentert med skildring, bilete og vurdering. Søknad om riving av bygningar med vesentleg regional eller nasjonal verdi skal innehalde ei tilstandsvurdering. Dette gjeld særskilt alle bygningar som er oppførte før 1850, som alle har potensiell regional verdi på grunn av alder.

8.2 Kulturminnelova

Kulturminnelova har klare reglar for forvaltning av kulturminne, særleg dei som er automatisk freda eller freda ved vedtak/forskrift. Desse reglane gjeld uavhengig av regionale planretningslinjer og kommunale planar.

Alle tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne og skipsfunn, eller framkalle fare for at dette kan skje – skal meldast til fylkeskommunen (jf. Kulturminnelova § 3). Dette gjeld og tiltak i område kor det er potensial for å finne automatisk freda kulturminne og skipsfunn. Det er kulturmiljøforvaltninga som avgjer om eit område har potensial for nye funn. Forholdet gjeld også tiltak som kan verke utilbørleg skjemmande på automatisk freda kulturminne. Det er på same måte kulturmiljøforvaltninga som avgjer om eit tiltak verkar utilbørleg skjemmande på kulturminne.

Det er difor viktig at tiltak blir sendt til Rogaland fylkeskommune for vurdering. Dette gjeld også tiltak i LNF-område, som bygging av turvegar, oppføring av bygningar, massefylling, planering, nydyrking og liknande. Fylkeskommunen vil utarbeide rettleiar med informasjon om kva tiltak og saker som kan, skal eller ikkje skal sendast til fylkeskommunen for vurdering.

9. Planprosess og medverking



Foto: Rogaland fylkeskommune

Frå Haugesund under Rikssamlingsjubileet i 2022.

I utarbeidinga av *Regionalplan for kulturmiljø i Rogaland* er det gjennomført medverkingsprosess i tråd med plan- og bygningslova.

Roller og organisering

Det er fylkestinget som vedtek planen, medan ansvaret for å sende plan og planprogram på høyring er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesdirektøren ved Kultur- og næringsavdelinga har utarbeidd planen og gjennomført planprosessen. Arbeidet har blitt leia av ein prosjektleiar, saman med eit sekretariat med medlemmer frå kultur- og næringsavdelinga og plan-, miljø- og samfunnsavdelinga.

Ei politisk styringsgruppe og ei administrativ prosjektgruppe vart oppretta ved planoppstart og har gjeve råd til planarbeidet gjennom heile prosessen.

I styringsgruppa har det vore folkevalde representantar både frå fylkestinget og frå kommunane. I den administrative prosjektgruppa har det vore representantar frå kommunane, musea, Statsforvaltaren og frivillige organisasjonar.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Styringsgruppa har besøkt kulturminne og aktørar i løpet av planprosessen. Her med omvising på eit gardsanlegg frå jernalderen på Uadal saman med Bjerkreim kommune.

9.1 Prosess og medverking

Etter varsel om planoppstart vart det gjennomført eksterne verkstader, i Haugesund og Stavanger, der kommunar, organisasjonar, museum, statlege aktørar og andre interesserte gav innspel til plantema og planprogram.

Planprogrammet vart behandla i dei politiske utvala til Rogaland fylkeskommune: Ungdommens fylkesråd, eldrerådet, fylkesrådet for funksjonshemma, Regional- kultur- og næringsutvalet og fylkesutvalet. I møta ga utvala ytterlegare innspel til planprogrammet.

Under høyringa av planprogrammet våren 2021 vart det arrangert eit informasjonsmøte og fire høyringsmøte, eitt for kvar region. På grunn av smittevernomsyn vart alle møta gjennomførte digitalt. I tillegg vart det gjennomført møte med fleire einskilde aktørar.

Fylkeskommunen mottok 31 skriftlege høyringsinnspel til planprogrammet, og revidert planprogram vart vedteke 21. juni 2021.

I perioden etter vedteke planprogram innhenta fylkesdirektøren kunnskap innanfor ei rekke ulike tema.

- formidling av kulturmiljø
- kunnskap og kompetanse i kulturmiljøvernet
- kulturmiljø i berekraftig samfunnsutvikling
- regionale kulturmiljøinteresser i Rogaland, kulturmiljø av regional interesse og historie

I arbeidet med å innhente kunnskap har det mellom anna vore dialog og møte med fleire aktørar, men det er ikkje gjennomført opne innspelsmøte i kunnskapsinnhentingsprosessen. Den administrative prosjektgruppa har også gjeve viktige innspel i dette arbeidet.

Den største delen av kunnskapsinnhentinga har vore å registrere, undersøke og skildre kulturmiljø av regional interesse. Her har det blitt arrangert møte med kvar einskild kommune for å presentere forslag til miljø, kvalitets-sikre utvalet og få innspel. Med dei større kommunane er det gjennomført fleire møte.

Høyringsutkastet/planforslaget vart handsama i dei politiske utvala til Rogaland fylkeskommune: Ungdommens fylkesråd, eldrerådet, fylkesrådet for funksjonshemma, Regional- kultur- og næringsutvalet og fylkesutvalet.

Planen var på høyring frå 7. desember 2022 til 15. februar 2023. Mange kommunar ba om utsett frist for å handsame høyringa politisk, og dei siste høyringsinnspela vart mottekne i slutten av mars månad. Det vart gjennomført fire høyringsmøte, eitt i kvar region, i tillegg til at planen blei presentert i ei rekke andre fora, mellom anna Ryfylkerådet, Dalanerådet og Haugalandsrådet. På høyringsmøta deltok totalt 79 eksterne deltakarar.

Det kom inn 48 skriftlege høyringssvar. Regionalplanen er revidert etter høyringa.





10. Overordna rammer og føringar

Restaurering av fiskebåten Svanå, bygd i 1918.

Foto: Rogaland fylkeskommune

FNs berekraftsmål


Med berekraft meiner ein at behova til nålevande menneske kan bli dekkja utan at behova til kommande generasjonar blir svekka.

Kulturmiljø blir verna og bevart for at dei skal kunne vere der for framtidige generasjonar. Endring, bruk og utvikling må under alle høve vegast mot framtidige behov, og ein må hindre at endringar gjer at kulturmiljø og kulturminne ikkje lenger er tilgjengelege for framtida.

Berekraftig utvikling blir generelt delt inn i tre dimensjonar, som igjen kan koplust til kulturmiljø:

- **Økonomisk berekraft:**
Kulturmiljø som ein ressurs for samfunnsutvikling, berekraftig reiseliv og bruk av kulturmiljø.
- **Sosial berekraft:**
Både sosiale og kulturelle aspekt: «levbare» byar og stader, frivilligheit, folkehelse, friluftsliv og universell utforming og tilrettelegging.
- **Miljømessig berekraft:**
Klimaendringar, klimagevinst og naturmangfald.

Slik kan kulturmiljø koplust til mange av berekraftsmåla.



Internasjonale konvensjonar

Noreg har ratifisert fleire internasjonale konvensjonar for kulturmiljø, som er blitt vedtekne i FN eller Europaparlamentet. Her har Noreg forplikta seg til å ta vare på viktig kulturarv av fleire typar:

- UNESCO konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv (Verdsarvkonvensjonen)
- Valettkonvensjonen (Arkeologisk kulturarv i Europa)
- UNESCO-konvensjonen for vern av immateriell kulturarv
- Den europeiske landskapskonvensjonen
- Farokonvensjonen (om kulturarven sin verdi for samfunnet)

Stortingsmelding om kulturmiljø

Stortinget vedtok våren 2020 ei ny stortingsmelding for kulturmiljøfeltet; «Stortingsmelding 16 – Nye mål i kulturmiljøpolitikken». Den inneheld nye nasjonale mål og bevaringsstrategiar:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal bli tatt vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Regionalplanen bidreg til å følge opp desse måla i Rogaland.

Stortingsmelding om museum

Våren 2021 la regjeringa fram «Stortingsmelding 23 (2020–2021) Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid». I denne museumsmeldinga lanserer regjeringa nye mål for museums- politikk, og mange mål og tiltak er direkte relevante for regionalplan for kulturmiljø.

I tillegg til kulturmiljømeldinga og museums- meldinga er det fleire andre nyleg publiserte stortingsmeldingar med nasjonal politikk som delvis er førande for deler av planen. Dette er mellom anna Distriktsmeldinga (2019), Kultur- meldinga (2018), Barne- og ungdomskultur- meldinga (2021) og Reiselivsmeldinga (2017).



Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

I 2019 kom det nye nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Regjeringa ynskjer at berekraftsmåla skal danne grunnlaget for regional og kommunal planlegging. Regjeringa er oppteken av at planlegging skal vere basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at fylkeskommunen skal avklare viktige regionale og nasjonale interesser tidleg i planprosessane. Dette vil redusere behovet for motsegner.

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg til rette for høg arealutnytting i byområde gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet i omgjevnadane og vekt på arkitektur, byrom, kulturmiljø, grønstruktur og andre miljøverdiar. I by- og tettstadsplanlegging skal kommunane ta særleg omsyn til stadene sitt særpreg, kulturhistoriske element og viktige landskapstrekk. I sum ynskjer regjeringa mykje utvikling og endring i sentrale område, men at det skal skje på stadane sine eigne premissar, og tilpassa natur- og kulturmiljø.

Regjeringa trekker også fram dei viktigaste moglegheitene og utfordringane for kulturmiljø, der arealendringar og manglande bruk er nemnt som dei store utfordringane. Blant moglegheitene peiker regjeringa på kulturmiljø som positivt bidrag i stadutviklinga og som ressurs i sirkulærøkonomisk klimainnsats.

Riksantikvarens strategiar

Riksantikvaren er fagdirektorat for kulturmiljøfeltet og har fleire strategiar, register og rett-leiarar knytt til regional planlegging. Dei sentrale strategiane som er utarbeidd av Riksantikvaren er førande for deler av den regionale planlegginga, mellom anna «Riksantikvarens bystrategi 2021–2023», «Riksantikvarens strategi for arbeid med kulturarv i kommunene 2019–2022», og «Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning» (2021). Riksantikvaren har også begynt arbeidet med fleire bevaringsstrategiar som vil vere viktige i oppfølging av regionalplanen.



11. Regionale planar

Ryfylkemuseet riv never til bruk på torvtak.

Foto: Kirsten Hellerdal Fostveit / Museumstenestene i Rogaland

Rogaland fylkeskommune utarbeidar regionale planer for mange samfunns-område. Overordna desse ligge regional planstrategi/utviklingsplan for Rogaland. I gjeldande utviklingsplan er visjonen:

**Berekraftig utvikling
og sterke fellesskap
i hele Rogaland.**

Det er i tillegg vedtatt fire langsiktige mål:

1. Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø
2. Konkurransedyktig region
3. Helsefremmande og inkluderande samfunn
4. Attraktive lokalsamfunn, byar og tettstader

Desse ligg til grunn for utarbeiding av mål og strategiar i regionalplan for kulturmiljø, som støtter særleg tydeleg opp om mål 4 i utviklingsplanen, men på ulike måter og i ulik grad også dei andre måla.

Rogaland fylkeskommune har fleire gjeldande regionale planar med delvis overlappende tematikk. I løpet av planperioden vil det bli vedtatt fleire nye regionale planar. Gjeldande oversikt vil til ei kvar tid ligge på nettsidene til fylkeskommunen.

Andre regionale planar

Regionalplan	Tematikk som heilt eller delvis gjeld kulturmiljø
Regional kulturplan (2015)	Kulturarv, museum, kulturarv som del av andre kulturtema, særskilt immateriell kulturarv. (Revisjon av planen er igangsett. Kulturmiljø som eige felt inngår ikkje i ny kulturplan då det er utarbeidd eigen regional kulturmiljøplan. Planprogrammet er vedtatt våren 2023.
Regionalplan Jæren og Søre Ryfylke, delvis og areal og transportplanane for Ryfylke, Dalane og Haugalandet	Kulturlandskap, overordna arealbruk, stadutvikling, retningslinjer for kulturmiljøvern.
Regional plan for heiområda Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	Kulturminne i heia, bygdeutvikling
Regionalplan for klimatilpassing	Klima og kulturminne
Fylkesdelplan for universell utforming 2014-2017	Universell utforming, formidling av kulturminne
Regionalplan for grøn industri	Endra arealbruk, ny industriutbygging i historiske industrimiljø.
Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland	Kulturminne og næringsutvikling, satsing på reiseliv



12. Moglege verknader av planen for miljø og samfunn

Ein regionalplan som kan få vesentlege verknader på miljø og samfunn skal ifølge plan- og bygningslova §§4-2 og 8-3 konsekvensutgreiast. For regionale planar kan denne utgreiinga avgrensast til kva verknader planen kan få på eit overordna nivå, jamfør Forskrift for konsekvensutredninger § 18.

Både mål, strategiar og tiltak, planretningslinjer og oversikta over kulturmiljø av regional interesse kan ha verknader for miljø og samfunn, men regionalplanen har ikkje planlagde utbyggingstiltak og verknadane blir vurdert og skildra på eit overordna nivå.

Kulturmiljø av regional interesse er ei kartfesting av – og oversikt over – område som inneheld viktige kulturminne av regional og nasjonal verdi og som samla sett er av vesentleg regional

interesse. Områda er ikkje direkte førande for arealbruk, men kulturminna og samanhengande kulturmiljø innanfor områda skal sikrast i kommunane si arealplanlegging. Oversikta er også eit kunnskapsgrunnlag for vidare forvaltning, formidling og samfunnsutvikling.

Oversikta inneber ikkje særskilte bygge- eller utviklingstiltak. Difor er det ikkje vurdert som naudsynt med konsekvensutgreiing av kvart enkelt kulturmiljø.

Foto: Regland fylkeskommune



Oppsummering

Samla sett blir dei positive verknadene av planen vurdert til å vege opp for dei negative verknadene. Avbøtande tiltak bør gjennomførast som del av oppfølging av planen.

Vegen til Viglesdalen i Hjelmeland.

Kulturminne, kulturmiljø og landskap

Positive verknader

- Regionalplan for kulturmiljø bidreg til betre forvaltning og bevaring av kulturmiljø på tvers av kommunegrensar.
- Tilgjengeleggjering og formidling bidreg til meir kunnskap om, og forståing for, kulturmiljø.
- Ei betre oversikt over vesentlege regionale interesser gir meir føreseieleg forvaltning for kommunar, næringsliv og andre aktørar, og eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging og konsekvensutgreiing.

Negative verknader

- Auka besøk og bruk av kulturmiljø som planen legg opp til, kan føre til meir slitasje på kulturminne.

Moglege avbøtande tiltak

- God besøksforvaltning i kulturmiljø er viktig for å unngå slitasje.

Naturmangfald

Positive verknader

- Bevaring av verdifull kulturmark som kystlynghei eller beite- og slåttemark er viktig for naturmangfaldet. Kulturminne er ein viktig del av verneverdien i mange landskapsvernområde i Rogaland.

Negative verknader

- Når kulturminne i sårbare naturområde blir meir kjent og tilrettelagt, kan det føre til meir besøk og slitasje.

Moglege avbøtande tiltak

- Vektlegging av god besøksforvaltning ved formidling av kulturminne og skjerming av dei mest sårbare naturområda kan redusera tap av naturmangfald.

Friluftsliv

Positive verknader

- Formidling av kulturmiljø i naturen bidreg til meir friluftsliv og gir turen nye dimensjonar.

Negative verknader

- Ingen kjende verknader.

Klimaendringar og nasjonale og internasjonale miljømål

Positive verknader

- Bevaring, gjenbruk og ombruk bidreg til å minska klimafotavtrykk, å redusera klimagassutslepp og fører til lågare materialbruk.
- Planen bidreg til meir kunnskap om konsekvensane av klimaendringane og avbøtande tiltak.

Negative verknader

- Kulturmiljøomsyn kan sette grenser for krav til høg arealutnytting og fortetting.

- Kulturmiljøomsyn kan sette grenser for utbygging av fornybar energi eller andre arealkrevjande klimatiltak.
- Kulturmiljøomsyn kan sette grenser for energiøkonomiseringstiltak.

Mogleg avbøtande tiltak

- Sterkare prioritering av klimasmarte løysingar og å vise moglegheitene for tilpassa arealutnytting og fortetting kan redusere negative verknader

Folkehelse

Positive verknader

- Opplevingar og kunnskap om kulturmiljø gir tilhøyrslø og identitet.
- Frivillig engasjement kan vere ein sosial arena som skapar trygghet og aktivitet.
- Bevaring og bruk av kulturmiljø kan bidra til attraktive stader det er godt å bu i.

Negative verknader

- Ingen kjende verknader.

Regional og lokal samfunnsutvikling og økonomi

Positive verknader

- Kulturmiljø kan bidra til regional identitet, trivsel, attraktivitet og samfunnsøkonomisk verdiskaping i by- og stadutvikling.

Negative verknader

- Bevaring av kulturmiljø kan vere kostnadskrevjande.

Moglege avbøtande tiltak

- Omdanning må vektast mot den verdien vern gir til samfunnet som heilskap. God rådgjeving og økonomiske støtteordningar er viktige for å bøte på kostnadene med å bevare kulturmiljø.

Tilgjenge for alle

Positive verknader

- Regionalplanen framhevar betre tilgjenge for alle til å læra om, bruka, og oppleva kulturmiljø.
- Kunnskapsdanning om universell utforming av kulturmiljø kan bidra til at dei i større grad blir gjort tilgjengeleg for alle.
- Planen legg opp til digitalisering og betre nettsider og databasar. Dette vil betre utfordringa med at mykje av informasjonen om kulturmiljø på nettsider og databasar ikkje er universelt utforma i dag.

Negative verknader

- Svært mange kulturminne, både bygg og kulturminne i naturen er ikkje universelt utforma og tilgjengeleg for alle. Tilgjengeliggjering kan vere i konflikt med, og skade, kulturminna.

Moglege avbøtande tiltak

- Målretta arbeid over tid, og tilpassa løysingar som tar omsyn til både bevaring av kulturmiljø og betre tilgjenge kan redusera skadeverknadane.

Barn og unges oppvekstvilkår

Positive verknader

- Barn og unge kan lære om lokal og regional historie og få eigarskap og tilhørslse i kulturmiljø.

Negative verknader

- Ingen kjende verknader.

Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet

Positive verknader

- Sterkare fokus på kunnskap og tilpassa løysingar for utvikling i kulturmiljø kan gje betre arkitektoniske uttrykk.
- Bevaring av kulturminne frå ulike arkitektoniske periodar og med ulike føremål, både industribygningar, bustader og ulike offentlege bygg, bidreg til stadkjensle og eit mangfald av arkitektoniske og estetiske uttrykk i byar og stader.

Negative verknader

- Eit sterkare fokus på tilpassing til eksisterande by gjennom kopiering av eldre stiluttrykk kan gjere det vanskelegare å sjå kva som er originalt og verneverdig.

Moglege avbøtande tiltak

- Riksantikvarens strategi og rettleiar for by og tettstadsutvikling blir lagt til grunn i byggesaker.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Gravhaug og kulturlandskap på Bjerga på Rennesøy.

Landbruksnæring og kulturlandskap

Positive verknader

- Planen legg til rette for betre informasjon og rådgjeving mot landbruksnæringa om kulturmiljø.
- Planen legg opp til bevaring og utvikling av viktige kulturlandskap til dømes kystlynghei og slåttemark.

Negative verknader

- Planretningslinjer om landskap samt bevaring av kulturmiljø og landskap av regional interesse kan kome i konflikt

med utviklingstiltak i landbruket, og bevaring og skjøtsel av verneverdig kulturlandskap kan vere kostnadskrevjande.

Moglege avbøtande tiltak

- Godt samarbeid mellom regionale myndigheiter, kommunar og landbruksnæring samt god rådgjeving, informasjon og støtteordningar er sentralt framover.
- Betre oversikt over viktige kulturmiljø vil bidra til føreseielegheit og tilpassa utvikling

Andre verknader

Regionalplanen er vurdert til å ikkje ha særleg verknad for følgande faktorar, nemnt i forskrift for konsekvensutredning §21: forureining, vassmiljø, samisk natur- og kultur-

grunnlag, transportbehov, energiforbruk og energiløysingar, beredskap og ulykkesrisiko og kriminalitetsførebygging.

13. Vedlegg og kart

Vedlegg til regionalplanen

- Handlingsprogram 2023 -2035, les [Handlingsprogram som vedlegg \(PDF\)](#)
- Ei kulturhistorie for Rogaland. Les artikkelen [Ei kulturhistorie for Rogaland](#)
- Oversikt kulturmiljø av regional interesse: Sjå [oversikt over kulturmiljø i Rogaland på Temakart Rogaland med kart, bilete og skildring av kvart miljø](#), eller les ei forenkla [oversikt over kulturmiljø av regional interesse](#), se vedlegg (PDF)

Foto Anne Lise Norheim MUST



Ved å vedlikehalde og restaurere gamle vindauge kan dei vare i lang tid. Her held handverkarar frå Museum Stavanger kurs i Stavanger maritime museum.


14. Etterspel

I samband med feiringa av Rikssamlingsjubileet Hafrsfjord – Nordvegen 2022 vart det arrangert ein skrivekonkurranse i samarbeid med Stavanger Aftenblad. Ved Sømmevågen i Sola blei det plassert ut ein stein der vinnardiktet

frå konkurransen er rissa inn. Vinnarteksten, forfatta av Hege Vatland Hvidsten, summerer opp kva vern av kulturmiljø dreier seg om:

*trå varsomt
husk de som var
var de som er
og vi som er
blir de som var
og allting rundt oss
det er på lån
fra dem som
kommer
etter*

Foto: Rogaland fylkeskommune



I Sømmevågen skal denne steinen stå som eit fysisk minne frå Rikssamlingsjubileet.

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130 sentrum
4001 Stavanger



Rogaland
fylkeskommune

Besøksadresse:
Arkitekt Eckhoffs gate 1
4010 Stavanger

Telefon:
51 51 66 00

E-post:
firmapost@rogfk.no

www.rogfk.no